



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Griphølen marine verneområde

Utviding av Remman naturreservat

Inngripan naturreservat

Forslag til vern - høyringsdokument xx. yyyy 2026



Forord

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har utarbeidd forslag til vern av Griphølen marine verneområde, utviding av Remman naturreservat og vern av Inngripan naturreservat.

Verneforslaga blir lagt fram med heimel i naturmangfaldlova (nml) § 39 (marin verneområde) og § 37 (naturreservat), Dei blir sendt på høyring i samsvar med sakshandsamingsreglane i nml §§ 41-43, jf. også rundskriv T-2/15 med sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova.

Det er utarbeidd ei særskilt konsekvensutgreiing for verneforslaga.

Etter høyring vil Statsforvaltaren summere opp innkomne merknader og gjere eventuelle endringar i verneforslaga før vi sender vår tilråding til Miljødirektoratet.

Saksgangen for vern etter naturmangfaldlova er gjort nærare greie for i høyringsdokumentet.

Molde, xx. yyyyyyy 2026

Innhald

Forord	2
1 Innleiing.....	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Lovgrunnlag.....	5
1.3 Sakshandsaming etter rundskriv T-2/15	6
1.4 Konsekvensutgreiing	6
1.5 Organisering av arbeidet.....	8
1.6 Framtidig forvaltning.....	8
1.7 Erstatning	8
2 Verneplanområda i dag	9
2.1 Oppsummering av verdiane i Griphølen og Remman.....	9
2.2 Områdeskildring - generelt.....	10
2.3 Naturverdiar.....	12
2.4 Landskap	24
2.5 Kulturmiljø	25
2.6 Friluftsliv	28
2.7 Naturressursar.....	29
2.8 Samfunn og næring.....	33
2.9 Planstatus.....	35
2.10 Inngrepsstatus.....	36
2.11 Karbonlagring	37
3 Verneforslag.....	38
3.1 Forslag Griphølen marine verneområde	38
3.2 Forslag til utviding av Remman naturreservat	41
3.3 Forslag Inngripan naturreservat.....	42
3.4 Soner med særlege restriksjonar – Griphølen, Remman og Inngripan	43
3.5 Kartoversikt - høyringsalternativ.....	45
3.6 Oversiktstabell verneforskrifter.....	48
4 Verknader av verneplanen	49
4.1 Påverknad og konsekvens – samla vurdering	49
4.2 Griphølen marine verneområde	50
4.3 Utviding av Remman naturreservat.....	52
4.4 Inngripan naturreservat.....	52
4.5 Vurdering av framtidsscenario	53
5 Samla vurdering og forslag.....	54
6. Referansar	55
7. Vedlegg.....	55

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

FN-konvensjonen om biologisk mangfald har som mål å ta vare på det biologiske mangfaldet og bruke biologiske ressursar på ein berekraftig og rettferdig måte. På partsmøtet under konvensjonen hausten 2010 vart landa einige om nye mål for 2020, mellom anna Aichi-mål 11 om å sikre eit effektivt og representativt vern av 10 prosent av verdens kyst- og havområde. FN sine berekraftsmål samsvarar også med dette. På partsmøtet i desember 2022, vart det semje om eit nytt globalt rammeverk, Kunming-Montreal rammeverket, og nye mål, mellom anna at 30 prosent av verdens hav skal vernast eller bevarast.

Rådgivande utval for marine verneområde (Brattegard-utvalet) vart oppnemnt i 1991. Utvalet la fram ei kartlegging av eigna marine verneområde i 1995 (1). Rådgivande utval for marin verneplan (Skjoldal-utvalet) vart oppnemnt i 2001 og la då fram ei bruttoliste over moglege kandidat område til marin verneplan. I 2003 la utvalet fram ei førebels tilråding (2) med forslag til område som blir tatt med i verneplanen, følgt opp av ei endeleg tilråding i 2004 (3). Ei rad område er etter dette verna i samsvar med verneplanen og føringane i Stortingsmelding 14 (2015-2016) *Natur for livet*, og fleire område ligg til handsaming i Klima- og miljødepartementet.

Klima- og miljødepartementet bad i april 2017 Miljødirektoratet vidareføre arbeidet med marint vern for sju nye område. Mellom desse var Giske, Griphølen og Remman i Møre og Romsdal. Miljødirektoratet gav Fylkesmannen i Møre og Romsdal (no Statsforvaltaren) i oppdrag å starte opp arbeidet med desse tre områda same månad.

I Stortingsmelding 29 (2020-2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur* sa regjeringa at marin verneplan frå 2004 skal halde fram. Marint vern etter naturmangfaldlova skal bidra til at eit utval av representative, særleine, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tekne vare på for framtida. Områda skal – saman med areal som er beskytta etter anna lovverk – danne eit nettverk av verna og beskytta område som skal ta vare på økosystem og naturverdiar. Områda skal dekkje variasjonsbreidda i norsk marin natur.

I Stortingsmelding 21 (2023-24) *Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havområdene*, er det vist til at Stortinget ved oppmodingsvedtak i 2021 har bedt regjeringa oppfylle målet om 10 prosent vern av kyst- og havområde innan 2030. I meldinga kjem det også fram at regjeringa vil vektlegge bevaring og restaurering av marin vegetasjon og område med karbonrike sediment i det vidare arbeidet med marint vern.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal meldte oppstart av planarbeidet i 2020, og sender no verneplanen for marint vern i Griphølen og Remman på høyring. Etter høyring vil Statsforvaltaren sende si tilråding til Miljødirektoratet.

Det inngår i arbeidet med Griphølen også å vurdere vern av Inngripan som naturreservat. Inngripan vart i 2010 tatt ut av verneplan for sjøfugl i påvente av nærare vurdering i samband med marint vern av Griphølen. Grunnlaget for samordninga er å vurdere ev. restriksjonar på tarehausting i Griphølen marine verneområde samla.

1.2 Lovgrunnlag

Marine verneområde

Marine verneområde blir oppretta med heimel i § 39 i naturmangfaldlova:

Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter. Som marine verneområder kan vernes områder som

- a) inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep,*
- b) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- c) representerer en bestemt type natur,*
- d) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- e) utgjør en spesiell geologisk forekomst,*
- f) har særskilt naturvitenskapelig verdi, eller*
- g) har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter.*

Verneområder i sjø kan opprettes for å oppfylle ett eller flere av målene i § 33 første ledd.

Verneområdet i sjø må angi om verneformålet og restriksjoner gjelder bunn, vannsøyle, overflate eller en kombinasjon av disse. For øvrig gjelder §§ 33, 34 og §§ 40 til 51 tilsvarende så langt de passer.

I et verneområde i sjø må ingen foreta seg noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et verneområde i sjø kan vernes mot all virksomhet, forurensning, tiltak og bruk, med de begrensninger som følger av folkeretten. Restriksjoner på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

Høsting og annen utnytting av viltlevende marine ressurser reguleres etter havressurslova innenfor rammene av verneforskriften.

Marine områder der beskyttelsen kun består av nærmere bestemte regler om utøving av fiske, fastsettes etter havressurslova.

Naturresevat

Marine verneområde er omfatta av § 37 i naturmangfaldlova:

Som naturresevat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.*

Som naturresevat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturresevat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturresevat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdetets skjøtsel.

1.3 Sakshandsaming etter rundskriv T-2/15

Klima- og miljødepartementet har fastsett eit eige rundskriv T-2/15 [Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven \(§§ 41 - 43\) - regjeringen.no](#). Rundskrivet utfyller reglane som følgjer av §§ 41-43 i lova. Sakshandsamingsprosessen er skjematisk framstilt i figur 1.

Prosessen legg opp til to opne høyringsfasar der alle har høve til å gi innspel og merknader.

1. Oppstartsfase. Fylkesmannen meldte 11. mai 2020 om oppstart og høyring av utgreiingsprogram for marin verneplan for Griphølen og Remman. Informasjonsmøte vart gjennomført på nett 28. mai 2020. Det kom inn 15 merknader til oppstartsmeldinga. Merknadene er summert opp og kommentert av i eit eige merknadshefte. Kopi av merknadene ligg også ved heftet.
2. Høyring av verneframlegg. Statsforvaltaren legg eit forslag til vern med kartavgrensing, verneføresegn og høyringsdokument ut til offentleg ettersyn. Høyringa blir annonsert i aviser, på nett og med brev til grunneigarar og kjende interessantar. Frist for innspel er minst åtte veker. Det blir arrangert oppe informasjonsmøte i løpet av høyringsperioden.

I tillegg til dei to opne fasane er det i figur 1 sett opp at det er høve til å komme med innspel til verneframlegget til Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet fram mot at saka blir slutthandsama i regjeringa ved Kongen i statsråd.

1.4 Konsekvensutgreiing

[Forskrift om konsekvensutredningar](#) (KU-forskrifta) avklarar når verneforslag etter naturmangfoldlova skal innehalde ei konsekvensutgreiing. Formålet med forskrifta er å sikre at omsyn til miljø og samfunn blir vurdert i førebuinga av planer og tiltak, og når ein tar stilling til om og på kva vilkår planer og tiltak kan gjennomførast. Statsforvaltaren er forslagsstillar (§ 4) og Miljødirektoratet ansvarleg myndigheit (§ 5).


Området som er aktuelt for marint vern i Griphølen er på 580 km². Planar for verneområde større enn 250 km² skal konsekvensutgreiast. Dette følgjer av forskrifta sin § 6, bokstav c, og punkt 29 i vedlegg I til forskrifta. Den geografiske nærleiken til Remman (32 km²) gjer at konsekvensutgreiinga også omfattar dette området. Forslag til inngripan naturreservat (4,2 km²) ligg innanfor forslag til Griphølen marine verneområde, og blir utgreidd som eit eige delalternativ.

Det er fastsett utgreiingsprogram for verneplanen i samsvar med kapittel 4 i KU-forskrifta, sjå meir informasjon på Statsforvaltaren sine nettsider: [Marint vern - Griphølen og Remman | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal \(statsforvalteren.no\)](#)

Kapittel 5 i KU-forskrifta set krav til innhald i konsekvensutgreiingar. Utgreiingsprogrammet skal sikre at desse krava blir oppfylt. Generelt gjeld at konsekvensutgreiingar i innhald og omfang skal vere tilpassa det aktuelle verneforslaget, og vere relevant for dei avgjerdene som skal takast.

Kapittel 6 i KU-forskrifta gir reglar om handsaming av konsekvensutgreiingar. Reglane omfattar krav til høyring og slutthandsaming av saka, og korleis eventuelle endringar i tiltaket etter høyring, og tilleggsutgreiingar og oppdateringar skal handterast.

Asplan Viak med underleverandør Rådgivande biologer har utarbeidd konsekvensutgreiinga (vedlegg 10) på oppdrag frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Konsekvensutgreiinga og konklusjonane i den står for oppdragstakar si rekning. Miljødirektoratet har hatt konsekvensutgreiinga til fagleg gjennomgang, saman med utkast til høyringsdokument.



Figur 1. Sakshandsamingsprosessen for områdevern etter naturvernlova, jf. rundskriv T-2/15 frå Klima- og miljødepartementet.

1.5 Organisering av arbeidet

Statsforvaltaren har hatt bistand frå forvaltning og viktige organisasjonar og aktørar. Kjernen av samarbeidspartar har vore ei administrativ arbeidsgruppe med Smøla og Kristiansund kommunar, Fiskeridirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune, og ei opa referansegruppe med Roquette (tidlegare IFF N&H), Møre og Romsdal fiskarlag/lokale fiskarlag, Sjømat Norge oppdrettsinteressantar og andre. Referat frå møte er samla på Statsforvaltaren sine nettsider: [Marint vern - Griphølen og Remman | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#). I tillegg har vi hatt fagleg kontakt med Havforskningsinstituttet og Miljødirektoratet.

Medverknad ved utarbeiding av konsekvensutgreiinga er nærare gjort greie for i den.

1.6 Framtidig forvaltning

Verneområde i Norge blir forvalta av Statsforvaltaren, kommunar eller nasjonalpark-/verneområdestyre. I tråd med oppdragsbrev 08.09.14 frå Klima- og miljødepartementet, blir forvaltningsmynde for mindre verneområde i første omgang tilbydd til den aktuelle kommunen, med unntak for verneområde som grensar inntil område som i dag blir forvalta av nasjonalparkstyre eller verneområdestyre. Tilbodet omfattar heller ikkje verneområde som strekkjer seg over fleire kommunar. I forslag til verneforskrifter foreslår vi at Statsforvaltaren skal ha forvaltningsansvaret.

Det kan vidare oppnemnst eit rådgjevande utval for forvaltninga. Utvalet kan bestå av representantar for ulike brukargrupper, grunneigarar, næringsrepresentantar og offentlege etatar.

Det kan utarbeidast forvaltningsplan for verneområda. Ein forvaltningsplan er ein plan for å forvalte verneområdet. Verneforskrifta gir dei juridiske reglane for eit verneområde og fastset restriksjonsnivået. Ein forvaltningsplan gir utfyllande retningslinjer om forvaltning, tilrettelegging og skjøtsel og bidrar til å beskrive den praktiske betydninga av forskrifta.

Ein forvaltningsplan skal:

- presisere og utdjupe verneformålet og vernereglane i verneforskrifta
- gi retningslinjer for dispensasjonspraksis og bruk av området
- fastsette rutinar for saksbehandling etter verneforskrifta
- definere mål for vernet og synleggjere aktuelle tiltak ved å:
 - gi bevaringsmål for naturtypar
 - fastsette langsiktige, heilskaplege og strategiske mål for å styrke verneformålet, f.eks. om skjøtsel og besøksforvaltning
 - bestemme tiltak for å nå måla og summere dei opp i en tiltaksplan

1.7 Erstatning

Reglane om erstatning for økonomisk tap ved oppretting av verneområde går fram av naturmangfaldlova §§ 50 og 51. Etter § 50 første ledd har ein eigar eller rettshavar i eigedom, som heilt eller delvis blir verna som marint verneområde eller naturreservat, rett til erstatning for økonomisk tap når vernet gjer det vanskeleg å fortsette den igangverande bruken. For bruk som treng løyve frå offentlege myndigheiter, gjeld retten til erstatning berre viss løyve er gitt før det er gjort kunngjering etter naturmangfaldlova § 42.

2 Verneplanområda i dag

2.1 Oppsummering av verdiane i Griphølen og Remman

I avsnitta vidare i kapittel 2 blir miljøverdiar, naturressursar, og samfunns- og næringsforhold i utgreiingsområdet presentert og verdivurdert. Dette er summert opp som følgjer i konsekvensutgreiinga kapittel 6.5:

Gjennomgangen av eksisterende situasjon og verdi i analyseområdet viser at området er svært sammensatt, ressursrikt og med store verdier knyttet til bl.a. natur, opplevelser, historier og bruk. Kunnskapsgrunnlaget er generelt sett vurdert som tilstrekkelig for konsekvensutredningen, men ytterligere undersøkelser, detaljering og dybdeanalyser vil kunne avdekke verdier og forhold som pr. nå ikke er kjent.

Naturverdiar

Griphølen er pekt ut i marin verneplan som representant for åpne kystområder, mens Remman representerer spesielle gruntvannsområder. Området rundt Smøla er generelt av stor økologisk betydning, med rike forekomster av viktige naturtyper som tareskog, skjellsand og gyteområder for kystnær fisk. Grunnområdene og det komplekse skjærgårdslandskapet gjør området til et biologisk mangfoldig og produktivt kystøkosystem og det utgjør viktige leveområder for marine arter og sjøfugl, særlig knyttet til hekking og næringsøk. Gytefelt er avgjørende for reproduksjon og bestandsvekst av havets ressurser. I samspill med naturtyper som legger til rette for oppvekst, blir disse områdene produktive og bidrar til effektiv rekruttering. Slike områder regnes som en naturressurs for kommersielt viktige arter, men er i denne utredningen inkludert som viktige funksjonsområder for arter. I de dypere delene av foreslått verneområde er det registrert sårbare og saktevoksende naturtyper som korallrev, korallskog og svampebunn. Naturtypene i seg selv har høy egenverdi, men også viktig økologisk funksjon som beite- og oppvekstområde for et mangfold andre arter. Korallrev er den første marine naturtypen som har fått status som utvalgt naturtype og får automatisk et høyere grad av vern.

Mange avgrensede delområder har høy verdi, enten fordi de utgjør en vesentlig økologisk funksjon, er sårbare, eller omfattes av vern, og dermed har høy forvaltningsprioritet.

Landskap, kulturmiljø og friluftsliv.

Det er kartlagt store verdier for alle de tre tema, noe som understreker de høye opplevelseskvaliteter området har, og stor bruksverdi med tanke på rekreasjon, friluftsliv og turisme. For kulturmiljø har området stor kunnskapsverdi som kilde til viten om historisk kystkultur. Det er stort potensial for hittil ikke registrerte skipsvrak i heile det foreslåtte verneområdet. Skipsvrak eldre enn 100 år har et vern.

Naturressurser


Området har rike naturressurser, særlig knyttet til fiskeri og høsting av tang og tare. Fiskerinæringen har høy samfunnsverdi, både økonomisk og sysselsettingsmessig, og har ringvirkninger i regionen. Om lag 40 % av de sysselsatte i privat sektor på Smøla jobber i sjømatnæringen, og fiskefeltene benyttes av både lokale og regionale aktører. Det er avgrenset delområder for både passive og aktive redskaper, samt låssettingsplasser, som alle er vurdert til å ha høy verdi.

Det er avgrenset flere delområder for høsting av tare, der området ved Grip og Inngripan er det mest intensivt utnyttede og vurderes å ha middels verdi. Øvrige delområder, som Sør-Smøla og Edøyfjorden, har lav verdi grunnet begrenset høsting av tare. Mineralressurser som skjellsand og havbunnsmineraler vurderes ikke som relevante for videre konsekvensutredning grunnet manglende kommersiell aktivitet.

Samfunns- og næringsforhold

(I konsekvensutredningen) ble relevante forhold knyttet til befolkning og demografi, pendling og næringsliv, ved de to kommunene Smøla og Kristiansund beskrevet. Næringene akvakultur og reiseliv ble omtalt spesielt med fokus på sysselsettings- og verdiskapningseffektene av disse næringene. For akvakultur ble det avgrenset delområder, basert på egnethet og muligheter for produksjon. Delområder ble vurdert til å ha fra lav verdi i de mest eksponerte områdene uten akvakultur, til høy verdi i områder med eksisterende akvakultur og muligheter for vekst. Akvakultur har høy sysselsettings- og verdiskapingsverdi regionalt, med store ringvirkninger. Reiseliv ble vurdert til å ha betydning for mange, av regional viktighet – og med høy verdi. Det samme gjaldt samferdsel i sjø, på grunn av hovedfarled og mange navigasjonsinstallasjoner på land og i sjø.

2.2 Områdeskildring - generelt



Figur 2. Område aktuelt for marint vern som meldt ved oppstart. Griphølen (sør) og Remman (nord). Inngripan (sjøfuglreservat) viser som ein enklave sør i Griphølen.

Griphølen

Området som er aktuelt for marint vern i Griphølen er på 580 km², og ligg nord for Kristiansund og sørvest for Smøla. 191 km² er allereie verna som landskapsvernområde og naturreservat (sjå kap. 2.3.1).

Det aller meste av området er ope hav. I den delen som ligg i Kristiansund kommune er det nokre øyar og holmar ved Grip og Inngripan. I Smøla kommune er det spreidd og til dels tett skjergard i større delar av det aktuelle området.

Sjølve Griphølen er ei djuprenne mellom grunnområda ved Grip/Inngripan og Smøla-øygarden. Nordvest for Grip ligg eit grunt parti Griptaren.




Figur 3. Griphølen og skjergarden sør for Smøla. Sortna i framgrunnen, Grip bak til høgre. Foto: Øivind Leren/Statsforvaltaren.

Remman

Remman er eit grunnområde med nokre små holmar og skjer nordvest for Smøla, like vest-nordvest for Veiholmen. Området som er aktuelt for marint vern er 32 km². Av dette er 20,34 km² allereie verna som naturreservat (sjå kap. 2.3.1).



Figur 4. Remman. Veiholmen bak til høgre. Foto: Øivind Leren/Statsforvaltaren.



Figur 5. Djupnekart Griphølen og Remman.

2.3 Naturverdiar

Som bakgrunn for verneplanarbeidet, og innleiing til omtale av naturverdiane i dei to forslaga til marine verneområde, siterer vi nedanfor Rådgvjvande utval for marin verneplan si tilråding 30. juni 2004 (3). Vidare referer vi kort formålet med vern av Inngripan naturreservat som del av verneplan for sjøfugl (4).

Deretter gir vi ein kortfatta gjennomgang av naturverdiane samla i heile utgreiingsområde slik dei er vist konsekvensutgreiinga. Konsekvensutgreiinga gir ein detaljert gjennomgang av følgjande tema under naturverdiar: Eksisterande verneområde, vassmiljø, naturtypar, og artar med økologiske funksjonsområde. Figurmateriale er i stor grad utklipp frå konsekvensutgreiinga, inkludert tabell- og figurforklaring.

Samla sett vurderer Statsforvaltaren at kunnskapsgrunnlaget for naturverdiane i områda er tilstrekkeleg til å slå fast at kriteria i naturmangfaldlova §§ 37 og 39 (sjå kap. 1.2) er innfridd, og at områda er kvalifisert for vern som marint verneområde (Griphølen) og naturreservat (utviding av Remman naturreservat og oppretting av Inngripan naturreservat).

Like eins finn vi at kunnskapen er tilstrekkeleg som grunnlag for å vurdere påverknad på naturmangfaldet av å opprette verneområda i samsvar med dei ulike alternativa som er gjort greie for i denne verneplanomtalen, og i konsekvensutgreiinga. Verknad av vern på naturmangfaldet, jf. vurdering etter nml. § 8-12, blir gjort greie for i kapittel 4 her, sjå også konsekvensutgreiinga kap. 7. Vidare er omsyn til naturmangfald eit viktig grunnlag for den samla vurderinga i kapittel 5.

Griphølen - representant for opne kystområde (Rådgivande utval)

Griphølen er tatt med i marin verneplan som representant for opne kystområde langs kysten, saman med Jærstrendene i Rogaland, Stad i Vestland, Karlsøyvær i Nordland, Ytre Karlsøy i Troms og LoppHAVet i Finnmark. Rådgivande utval omtalar området slik:

Generelle kjenneteikn:

Åpne kystområder er karakterisert ved stor gjennomstrømning av vann. Oppholdstiden for vannet innenfor grensene for et område i denne kategorien er typisk fra noen timer til dager. Kystområdene er i tillegg også eksponerte for bølger. Innenfor de enkelte områder vil det være en spennvidde i biotoper og habitater fra eksponerte klippekyster til dypere partier med fine sedimenter. Plante- og dyrelivet varierer med bunnforholdene, og mangfoldet i bunntyper gjenspeiler seg i et mangfold av organismesamfunn i disse områdene.

Spesiell omtale:

Området Griphølen har 4 hovedelementer med Griphølen som et dypt parti omgitt av 3 store gruntvannsområder. I øst inngår den store og grunne skjærgården sørvest for Smøla. I sør ligger Grip og Inngripan og i vest ligger Griptarane. Området er stort med et areal på knappe 600 km². Det ligger like i nordkant av det relativt grunne Møreplatået med Buagrunnen lengst i nord. Her blir sokkelen markert dypere og strømmene setter inn mot kysten ved Griphølen.

Griphølen strekker seg i nordvestlig-sørøstlig retning mellom Smølas skjærgården og Grip/Inngripan. Griphølen har et største dyp på 308 m med svært bratte skråninger opp mot Smølas skjærgården i nordøst og Grip/Inngripan i sørvest. I lengderetningen er det markert grunnere partier både i nordvest med Jørngrunna og i sørøst med Godtarane, med forholdsvis dype passasjer på sidene. Bunnen i de dypere partier er sand og leire.

Smølas skjærgården øst i området er et meget særegent område med store gruntområder og "paddemark". Ytterst mot havet i nord og vest er det en sterkt eksponert skjærgård på kanten av den bratte skråningen ned mot dypet i Griphølen. Innenfor går skjærgården raskt over i et oppdelt og skjermet øylandskap med en mengde småholmer og øygrupper, og med noen bredere sva av åpne farvann innimellom. Innover mot Smøla er det et nettverk av nes og halvøyer, vikar, våger og valer som ender opp mot poller og brakkvannstjønner som skjærer seg inn i det flate landskapet slik at det noen steder kan være vanskelig å skille mellom sjø og land. Langs sjøen er det mye svaberg og berglendt terreng og lite av løsmassestrender. Bare i de innerste vikene fins det grus- og sandstrender. I de dypere partiene mellom holmer og skjær er det mye sand og skjellsand og mudderbunn på mer beskyttede lokaliteter. Her er store arealer med tang og tareskog.

Grip og Inngripan ligger på et grunt platå med en rekke øyer, holmer og skjær sørvest for Griphølen. Dette platået er kupert med vekslende bunn- og dybdeforhold. Området er sterkt eksponert med mye tareskog. Griptarane lengst vest i området er et platå med noen skjær og grunner. Her er det gjennomgående litt dypere og bunnen er for det meste fjellbunn. Mellom Griptarane og Grip/Inngrip er det 100-150 m dypt med mye sandbunn.

Området har til sammen en meget stor spennvidde i naturtyper. Griphølen har et meget rikt dyreliv som skyldes strømforholdene og transport av plantemateriale fra de store gruntområdene rundt dette dyppartiet. Dyrelivet er ikke systematisk kartlagt i området, men dykkerobservasjoner viser at det er meget rikt og mangfoldig.

Området er særdeles forlisutsatt og det er kjent en rekke forlislokaliteter rundt fiskeværet Grip og i de sørvestre delene av Smølas skjærgård. Hele området ligger innenfor et av de prioriterte marinarknologiske områdene, PRIMAT 4260.

Verneverdiar oppsummert:

Griphølen er et åpent kystområde med meget stor spennvidde i naturtyper. Området inneholder Griphølen som et strømrøkt og produktivt dypområde, den meget særegne og mangfoldige Smøllaskjærgården og det kuperte undersjøiske landskapet ved Grip og Inngripan. Verneverdien er knyttet til det store mangfoldet av naturtyper som er representative for åpne kystområder på Nord-Vestlandet men som også inneholder særegne kvaliteter.

Remman - representant for spesielle grunnvassområde (Rådgivande utval)

Remman er tatt med i marin verneplan som representant for spesielle grunnvassområde saman med Giske i Møre og Romsdal, Gaulosen, Kråkvåg og Bjugnfjorden, og Borgan-Frelsøy i Trøndelag.

Generelle kjenneteikn:

De spesielle grunnvassområdene har varierende bunnforhold med sand, grus, stein, svaberg og fjell. Områdene er til dels eksponert for bølger og strøm som gjør at fint sediment (leire og mudder) bare finnes i enkelte partier i indre og mer beskyttede deler.

Spesiell omtale:

Remman er et gruntområde som ligger like nordvest for Smøla i Møre og Romsdal. Det ligger som et grunt platå med bratte skråninger ned til dypere vann i vest, nord og øst. Platået er bare forbundet med et smalt parti i sør til resten av den grunne skjærgården nordvest for Smøla.

Remman er en "paddemark" av grunne skjær med geologiske strukturer og renner (5-15 m dyp) som går i retning sørvest til nordøst. Bunnen består for det meste av fjell, men med sand, skjellsand og grus i de dypere rennene.

Remman har en meget rik tareskog. Tareplantene blir her ekstra store og kraftige og danner en tett og kraftig skog med stort innslag av andre alger som vokser som epifytter på tarestilkene. Beliggenheten som et grunt platå omgitt av åpent hav og påvirket av strøm og bølger er hovedårsaken til at tareskogen er så rik i dette området. Dyrelivet er lite undersøkt. I tillegg til et mangfold av arter i tareskogen er det sannsynligvis rike forekomster av fastsittende former i de bratte skråningene fra platået mot dypere vann.

Verneverdiar oppsummert:

Remman er et undersjøisk fjellplatå som stikker ut mot storhavet og med en spesielt storvokst tareskog. Verneverdien er knyttet til de spesielle bunnforholdene, den storvokste tareskogen og det rike og produktive dyrelivet i tareskogen og i skråningene ned fra platået.

Inngripan naturreservat (forslag) – verneplan for sjøfugl

Inngripan vart tatt ut av verneplanen for sjøfugl i Møre og Romsdal ved kongeleg resolusjon 28.05.2010. Miljøverndepartementet (MD) skriv: *MD tilrår at verneforslaget for Inngripan avventer avklaring i forhold til taretråling gjennom arbeidet med marin verneplan.*


Forslag om vern av Inngripan naturreservat hadde som formål å ta vare på ein viktig hekke-lokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Inngripan består av ei gruppe små og snaue holmar og skjer som ligg i eit grunt og produktivt sjøområde. Området er viktig for fleire artar, og blant anna hekkar både teist og tjuvjo i området.

2.3.1 Eksisterande vern

Store delar av dei aktuelle marine verneområda er allereie verna som landskapsvernområde og naturreservat. Figur 11 viser landskapsvernområde med grønt og naturreservat med raudt saman med områda som er aktuelle for marint vern. Naturreservata som dekker sjøareal har

omsyn til sjøfugl og tareskog som viktigaste verneformål. I naturreservata er det forbod mot taretråling. Sør-Smøla landskapsvernområde har omsyn til fugl som del av verneformålet. Det er her ikkje restriksjonar på taretråling, og det er også fastsett ei eiga sone der det etter søknad er opning for å etablere akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet for landskapsvernområdet.

I konsekvensutgreiinga er alle eksisterande verneområde gitt verdi **Høg** i samsvar med kriteria i Miljødirektoratet sin rettleiar for rettleiar M-1941 [Konsekvensutredning av klima og miljø - KU-veileder - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no), sjå figur 6-3 i KU. Av plassomsyn er tar vi ikkje med verdikartet i dette dokumentet.




Figur 6. Eksisterande verneområde – naturreservat vist med raudt, landskapsvern med grønt. Verneområde på land er ikkje med i tabellen.

2.3.2 Vassmiljø

Konsekvensutgreiinga viser at området er dekt av fire vassførekomstar, alle med god eller svært god økologisk eller kjemisk tilstand. Dei får med det **Høg** verdi, sjå utklipp frå KU nedanfor.

Tabell 6-2. Oversikt over kystvannforekomster registrert innenfor foreslått verneområde ved Griphølen og Remman.

ID	Vannforekomst	Verdi	Økologisk tilstand	Kjemisk tilstand	Beskrivelse
Vf1	Kristiansund-ytre	Høy	God	God	Vannforekomst av høy verdi grunnet økologisk og kjemisk tilstand. Er av <u>vanntypen H1</u> .
Vf2	Smølas nord- og vestsida	Høy	God	God	Vannforekomst av høy verdi grunnet økologisk og kjemisk tilstand. Er av <u>vanntypen H1</u> .
Vf3	Edøyfjorden	Høy	Svært god	Udefinert	Vannforekomst av høy verdi grunnet økologisk og kjemisk tilstand. Er av <u>vanntypen H2</u> .
Vf4	Skjølbergvågen	Høy	God	Udefinert	Vannforekomst av høy verdi grunnet økologisk og kjemisk tilstand. Er av <u>vanntypen H4</u> .



Figur 6-5. Verdikart for kystvannforekomster innenfor foreslåtte verneområder ved Griphølen og Remman. Vannforekomstene er nummerert jf. tabell 6-2.

2.3.3 Naturtypar

Konsekvensutgreiinga framhevar i kapittel 6.1.3 fleire viktige marine naturtypar:

Langs kysten av Norge er det fleire marine naturtyper som er økologisk viktige, og som bidrar til høy økologisk produksjon. Tareskoger danner undersjøiske skoger som gir skjul og næring for en rekke arter, mens ålegrassamfunn i grunne bukter og fikser fungerer som viktige oppvekstområder for fisk og virvelløse dyr. Bløtbunnsområder i strandsonen er rike på bunndyr og viktige som beiteområde for fugl og fisk. I dypere vann finnes korallforekomster, både øyekorallrev og korallskoger dannet av hornkoraller, som danner tredimensjonale habitater og er viktige for fisk og annen bunnlevende fauna. Svampebunn danner også tredimensjonale habitater på fjellbunn, mens sjøfjærbunn skaper strukturelle leveområder på bløtbunnsområder. Disse naturtypene er viktige både for økosystemfunksjoner og som indikatorer på miljøtilstand.

Tabellen på neste side summerer opp dei delområda som konsekvensutgreiinga har avgrensa og verdisett for ulike naturtypar. Deretter følgjer utklipp frå konsekvensutgreiinga av verdikarta for dei ulike naturtypene. For detaljar om dei enkelte naturtypene viser vi til kapittel 6.1.3 i konsekvensutgreiinga.

Griphølen og Remman marine verneområde - høyringsforslag

Tabell 0-1. Oversikt over marine naturtyper registrert innenfor foreslått verneområde ved Griphølen og Remman. Totalareal er oppgitt i dekar (daa) og viser til totalareal av forekomster, ikke for sammenslåtte delområder.


Naturtype	ID	Områdenavn	Verdi	Beskrivelse
Større tareskogforekomster	Ts1	Rundt Smøla	Høy	Delområdet består av flere større tareskogforekomster rundt hele kysten av Smøla. Avgrensningene er basert på modellering og stikkprøver i felt. Registrert som svært viktig og viktig i Naturbase.
	Ts2	Grip-området	Høy	Sammenslåing av flere større tareskogforekomster i grunne områder rundt Grip. Avgrensningen er basert på modellering, og er registrert som svært viktig/viktig i Naturbase.
	Ts3	Havområdene utenfor Grip	Høy	En større tareskogforekomst på grunnområder nord for Grip. Er registrert som svært viktig/viktig, og er modellert.
Bløtbunnsområder i strandsonen	Bo1	Bløtbunnsområder i indre del av Griphølen	Høy	Sammenslåing av flere bløtbunnsområder i strandsonen på sørvestdisiden av Smøla. Er registrert som svært viktig og viktig, og avgrensningen er basert på ortofoto og dybdekart.
	Bo2	Bløtbunnsområder i midtre del av Griphølen	Høy	Sammenslåing av bløtbunnsområder i strandsonen rundt holmer og skjær i ytre del av Sør-Smøla landskpasvernområde. Er registrert som svært viktig, og er avgrenset basert på ortofoto og dybdekart.
	Bo3	Bløtbunnsområder ved Remman	Høy	Et mindre bløtbunnsområde innenfor Remman naturreservat. Er registrert som svært viktig grunnet funksjon for sjøfugl. Avgrensningen er basert på ortofoto og dybdekart.
Korallforekomster	Kf1	Nord for Grip	Høy	Sammenslåing av korallrev, korallskog av hornkoraller og områder med korallgrus. Avgrensning er basert på kartlegging utført av Rudne forskning.
Ålegrasenger	En1	Jøa: ved Møtua	Høy	En større ålegraseng i grunnområder på vestsiden av Smøla. Forekomsten er registrert som viktig, og er kartlagt etter en eldre kartleggingsmetodikk.
	En2	Rosvolløya ålegrasenger	Høy	Sammenslåing av to ålegrasenger sørvest for Smøla. Forekomstene er registrert som viktig og er kartlagt etter en eldre kartleggingsmetodikk.
Skjellsandforekomster	Sf1	Smøla	Høy	Sammenslåing av flere skjellsandforekomster rundt hele vestkysten av Smøla. Er registrert som svært viktig/viktig, og avgrensningen er basert på modellering.
	Sf2	Området rundt Grip	Høy	Sammenslåing av skjellsandforekomster rundt Grip og Inngripan. Er registrert som svært viktig/viktig, og er avgrenset basert på modellering.
	Sf3	Områdene utenfor Grip	Høy	Skjellsandforekomster nord for Grip. Er registrert som svært viktig/viktig, og er avgrenset basert på modellering.
Svampebunn	Sb1	Områdene mellom Grip og Lyngværet	Høy	Sammenslåing av flere områder med svampebunn i Griphølen. Svamp forekommer flekkvis tett. Avgrensningen er basert på kartlegging utført av Runde.
Sjøfjærbunn	Sj1	Griphølen	Middels	Sjøfjær og gravende megafauna observert tett til flekkvis tett i sørlig del av Griphølen. Avgrensning basert på kartlegging utført av Runde.

I djupområda i Griphølen er det truleg store naturverdiar som ikkje er avdekkja gjennom dei svært avgrensa kartleggingane som er gjennomført. Dette gjeld særleg korallførekomstar, svampebotn og sjøfjær. Informasjon frå fiskarar gjer at det t.d. er grunn til å tru at det er moglege korallførekomstar sør for Griptaren.


For korallar gir konsekvensutgreiinga ei vurdering av potensialet for blomkållkorall i grunnare område basert på informasjon frå lokale dykkarar. Flekkvis tette førekomstar av blomkållkorall er truleg vanleg, men kunnskapsgrunnlaget gir ikkje grunnlag for avgrensingar av blomkållkorallskog.

Konsekvensutgreiinga framhevar også at det er stort potensiale for førekomstar av mergelbotn (ruglbotn) og større kamskjelførekomstar i grunne og straumrike område.


Verdikart ulike naturtypar




Figur 6-7. Verdikart for større taeskogforekomstar innenfor foreslått verneområde ved Griphølen og Remman. Forekomstene er nummerert jf. tabell 6-3.




Figur 6-10. Verdikart for bløtbunnsområder i strandsonen innenfor foreslått verneområde for Griphølen og Remman. Delområdene er nummerert jf. tabell 6-3.




Figur 6-14. Verdikart for korallforekomster innenfor foreslått verneområde for Griphølen og Remman. Delområdene er nummerert jf. tabell 6-3.




Figur 6-21. Verdikart for skjellsandforekomster innenfor foreslått verneområde for Griphølen og Remman. Delområdene er nummerert jf. Tabell 6-3.



Figur 6-23. Verdikart for svampebunn innenfor foreslått verneområde for Griphølen og Remman. Delområdet er nummerert jf. tabell 6-3.



Figur 6-25. Verdikart for sjøfjærbunn innenfor foreslått verneområde ved Griphølen og Remman. Delområdet er nummerert jf. tabell 6-3.



Figur 6-19. Verdikart for ålegrassamfunn innenfor foreslått verneområde for Griphølen og Remman. Delområdene er nummerert jf. tabell 6-3.


2.3.4 Artar med økologiske funksjonsområde

Gytefelt

Konsekvensutgreiinga har avgrensa fem gyteområde for kommersielle fiskeartar basert på registreringar i Fiskeridirektoratet sine databasar.

Tabell 6-4: Oversikt over gyteområder registrert innenfor foreslåtte verneområder ved Griphølen og Remman.

ID	Navn	Verdi	Beskrivelse
NM_Gy1	Blåsværsvaet	Høy	Gytefelt for torsk kartlagt av Havforskningsinstituttet. Registrert med høy eggtetthet (2) og noe tilbakeholdelse av egg (2).
NM_Gy2	Ringsøya	Middels	Sammenslåing av flere gytefelt for torsk <u>innregistrert</u> av fiskere. <u>Eggtetthet</u> og <u>eggretensjon</u> er ikke kjent.
NM_Gy3	Arnøya	Middels	Gytefelt for rødspette <u>innregistrert</u> av fiskere. <u>Eggtetthet</u> og <u>eggretensjon</u> er ikke kjent.
NM_Gy4	Griphølen	Middels	Sammenslåing av flere gytefelt for uer og sild. <u>Eggretensjon</u> og <u>eggtetthet</u> er ikke kjent.
NM_Gy5	Bogen	Middels	Gytefelt for torsk <u>innregistrert</u> av fiskere. <u>Eggretensjon</u> og <u>eggtetthet</u> er ikke kjent.



Figur 6-29. Registrerte gyteområder innenfor foreslått verneområde ved Griphølen og Remman. Verneområdene er nummerert jf. tabell 6-4.

Raudlista og spesielt omsynskrevjande fugleartar


Samlet sett er det eit rikt fugleliv innanfor foreslåtte marine verneområde ved Griphølen og Remman. Ved Grip og Sør-Smøla landskapsvernområde er det ein indikasjon på at hekkande

aktivitet er noko mindre hyppig i dag samanlikna med tidlig 2000-talet, mens registreringar knytt til næringsssøk og stasjonær åtferd har auka. De foreslåtte verneområda ved Griphølen og Remman er viktige leveområde for raudlista sjøfugl, med dokumentert aktivitet som hekking, næringsssøk og opphald.

Konsekvensutgreiinga avgrensar to delområde som funksjonsområde for sjøfugl og fugl med særleg tilknytning til kystsona. Dette inkluderer området ved Grip og Inngripan, og eit område ved Griptaran. Alle funksjonsområda er vurdert å være av høg verdi knytt til førekomst av raudlista og omsynskrevjande artar. Remman og Sør-Smøla er av metodiske årsaker ikkje vist som eigne delområde under dette temaet. Verdi, påverknad og konsekvens for desse viktige sjøområda blir synleggjort under tema eksisterande vern. Sjå konsekvensutgreiinga side 77 X for nærare forklaring.

Tabell 6-7. Oversikt over funksjonsområder tilknyttet rødlistede fugler og fugler som er spesielt hensynskrevende innenfor foreslått verneområde ved Griphølen og Remman.

ID	Navn	Verdi	Beskrivelse
FO1	Grip og Inngripan	Høy	Ved Grip med nærliggende holmer og skjær foreligger det flere registreringer tilknyttet hekking og næringsssøk tilknyttet særlig måkefugler, og andre sårbare arter. Dette inkluderer også naturreservatet Grip, som er tilknyttet hekkende sjøfugl. Hekkeaktivitet er særlig tilknyttet ærfugl (VU), gråmåke (VU), fiskemåke (VU), tjeld (NT) og teist (NT).
FO2	Griptaran	Høy	Griptaran, de ytterste grunnområdene nordvest i verneområdet ved Griphølen, består av flere grunne områder der naturtypen større tareskog forekommer, men ingen holmer eller skjær. Her foreligger det næringsssøk tilknyttet lomvi (CR), havhest (EN), lunde (EN) og gråmåke (VU).



Figur 6-31. Verdikart for funksjonsområder for rødlistet sjøfugl innenfor foreslått verneområde Griphølen. Delområder er nummerert jf. tabell 6-7.

Anadrome bestandar

Grunnområda rundt Smøla blir nytta som beiteområde av sjøaure frå Smøla, Aure og Averøy. Havområda rundt Smøla blir sannsynlegvis passert av utvandrande laksesmolt og innvandrande laks både frå Trondheimsfjorden og fjordane på Nordmøre. Det er ikkje vurdert som tenleg å avgrense delområde av særskilt verdi for anadrom fisk i konsekvensutgreiinga.

Kvardagsnatur

Konsekvensutgreiinga gir areal som ikkje er avgrensa som særskilte delområde for konkrete naturverdiar verdien noko verdi. Metodisk blir ikkje areal med lågare verdi vurdert med påverknad og konsekvens, sjå kapittel 4 i konsekvensutgreiinga for nærare omtale av metodikk.


Det blir likevel understreka at områda har representativ verdi, jf. Rådgivande utval sin omtale, og at store areal har svak kartleggingsstatus, og potensielt kan ha vesentleg større verdi enn kunnskapsgrunnlaget så langt kan dokumentere.

2.4 Landskap

I konsekvensutgreiinga er det avgrensa og verdsett seks delområde.

Tabell 6-16 Oversikt over delområder med verdivurdering for tema landskap

ID	Navn	Verdi	Beskrivelse
LS 1	Veiholmen og havet	Høy	Landskapet har viktige sammenhenger og funksjoner, og er regionalt viktig.
LS 2	Midt Smøla og Hopa-vassdraget	Høy	Landskapet er unikt og har særlig viktige sammenhenger og funksjoner
LS 3	Sør-Smøla til Grip	Høy	Landskapet har nasjonal betydning og er unikt, med særlig viktige sammenhenger og funksjoner. Betydning for svært mange.
LS 4	Gammeldamstua	Middels	Landskapet har landskapskarakter typisk for området, men med innslag av ny infrastruktur som forstyrrer særpreget og medfører at landskapet er lokalt viktig
LS 5	Øst-Smøla	Noe	Vurderes ikke videre iht. V712, <u>kap 6.3.3.</u>
LS 6	Fastlandet	Høy	Landskapet har nasjonal betydning og er unikt med særlig viktige sammenhenger og funksjoner. Betydning for svært mange.



Figur 6-54. Temakart landskap

2.5 Kulturmiljø


Det er avgrensa sjudelområde for kulturmiljø i utgreiingsområdet. Delområda har frå middels til høg verdi.

Tabell 0-2 Oversikt over delområder med verdivurdering for tema kulturmiljø

ID	Navn	Verdi	Beskrivelse
KM1	Brattværet-Veiholmen	Høy	Fire skipsvrak D/S Foam, De Lexington, SS Coquett, samt et nyoppdaget vrak (2025). Det skal i tillegg være rester av et ukjent vrak (stål) ved Brattværet, tre lokaliteter med ballaststein ved Veiholmen og tre registrerte gjenstandsfunn som antas å stamme fra skip (pers. med Staale Normann, NTNU). To fiskevær: Fiskeværret Veiholmen er registrert som kulturmiljø av regional verdi, med verneverdig trehusmiljø med handelssted og embetsmannsgård, automatisk fredet havneområde, Haugjegla fyr, forsvarsanlegg, fyrstasjon på Skalmen. Ett av de største fiskeværerne i nasjonal sammenheng. Fiskeværret Brattholmen har mange bygg i SEFRAK. I hele delområdet er det svært stort potensial for marine funn. Både fiskeværret på Veiholmen og på Brattværet representerer kystbosetning på marginale steder med godt bevart

ID	Navn	Verdi	Beskrivelse
			trehusbebyggelse. Beliggenheten i havgapet, skjermet for nyere utbygging, gir særlig stor opplevelsesverdi.
KM2	Grip	Høy	Det er ikke kjent marine kulturminner i Askeladden, men det er påvist et vrak (pers med Staale Normann NTNU), og det er svært stort potensial for marine funn i hele delområdet. Griphølen skal ha vært minefelt under krigen. Lokale dykkere melder at det finnes minst to ubåter her fra 2. verdenskrig. Den nordøstlige siden av Grip er i historiske kilder omtalt som havn/ankerplass. Fiskeværet Grip med trehusmiljø. Været ble etablert i middelalder, automatisk fredet kirkested og stavkirke fra middelalder. Grip fyrstasjon (vedtaksfredet) og losstasjon. Kulturmiljø av regional verdi. Kulturmiljøet er knyttet til historisk bosetting, fiskeri og samferdsel under marginale forhold. Grip er en av landets mest særpregede fyrstasjoner med sin dramatiske beliggenhet.
KM3	Steinsøyneset- Ersneset-Jøstølen	Middels	Det er ikke kjent marine kulturminner i Askeladden, men det er forlisberetninger som omtaler Odden vest i delområdet. Nordøstsiden av Urdholmen er omtalt i historiske kilder som havn/ankerplass (pers med Staale Normann NTNU), og det er stort potensial for marine funn i hele delområdet. Odden kirkested fra middelalder, regionalt verneverdig, Innerst i Jøsundet: Sygarden, regionalt verneverdig fiskarbundetun med høy alder. Ellers mye SEFRAK knyttet til gårdstun og sjøbruksmiljø.
KM4	Storsolværøya- Ringsøya- Breisvaet	Høy	To skipsvrak, «Stella» og «Alfredo av Bilbao». Flere forlisberetninger bl.a. ved Arnøya, Ringskjæret, Valøyodden og Spanskskjæret. Innmeldt vraklokalitet ved Skipstaren (pers. med Staale Normann NTNU). Stort potensial for marine funn i hele delområdet. Mange fiskevær, med bygninger i SEFRAK, bl.a. Solværet, Hallarøya (regionalt verneverdig), Sandværet og Ringsøya (regionalt verneverdig). Rossvoll prestegård med pilegrimssti opp til Rossvollhaugen. Flere gravrøyser lengst i øst i miljøet, ved Straumsneset, Nørholmen og Kalvøya. Særpreget område som tydelig viser den marine historiske kystkulturen og tydelig sammenheng mellom bebyggelsesstruktur og natur.
KM5	Kuli-Edøya	Høy	Det er ikke kjent marine kulturminner i Askeladden, men det skal være to funnlokalteter med mange gjenstander og mange forlisberetninger med posisjonsangivelse i området (pers. med. Staale Normann, NTNU). Stort potensial for marine funn i hele delområdet. På land, på begge sider av Kulisvaet er det rikt med forhistoriske kulturminner, bl.a. svært mange automatisk fredete gravrøyser og gravhauger. Mulig vete på toppen av Ramndalshaugen. Gården Kuli med forhistoriske kulturlag og «kulisteinen» med runeinnskrift (står nå ved Vitenskapsmuseet). Steinen er et av de tidligste kristne monumenter i Norge, datert til tidlig 1000-tallet. Trebro datert til vikingtid funnet i et myrparti. Det er ellers kjent nausttuffer, hustuffer og steinalderboplasser. Edøy kystbatteri er regionalt verneverdig, og ble bygd av okkupasjonsmakten i 1941. Den sentrale beliggenheten i fjorden var avgjørende. Gården Edøy var embetsgård like ved Edøy kirke fra middelalder. Middelalderkirkegård, automatisk fredet gårdshaug og mange gravminner, bl.a «Edøystjerna» - en stjerneformet røys. Lengst i øst ligger Tyrhaug fyrstasjon fra 1833, regionalt verneverdig. Ellers mye SEFRAK knyttet til gårdstun og sjøbruksmiljø. Svært rikt område med høy kunnskapsverdi og stor tidsdybde.

ID	Navn	Verdi	Beskrivelse
KM6	Edøyfjorden sør	Høy	Det er ikke kjent marine kulturminner i Askeladden, men det er mange forlisberetninger i området. Det er også omtalt flere havner og ankerplasser i historiske kilder (pers. med Staale Normann, NTNU). Ved Solskjelsøya og omkringliggende øyer sto det to sjøslag på 800-talet som var viktige for Harald Hårfagre sin kamp om makt på nordvestlandet. Stort potensial for marine funn i hele delområdet. På land er det mange automatisk fredete gravrøyser, gravhauger og bosettingsspor, bl.a på Golma, Ramsøya, Gautøya, Brandsvikneset, Hytteneset, Solskjelsøya og Styrshamn. Linvågen gårdstun inngår i verdifullt kulturlandskap. Våningshus i Solskjelsvågen og Hamnå er kommunalt listeført. Ellers mye SEFRAK knyttet til gårdstun og sjøbruksmiljø.
KM7	Kristiansund og Stavneset	Høy	Flere skipsvrak og mange kulturminner langs kysten. Svært stort potensial for marine funn i hele delområdet. Regionalt verneverdig fyrstasjon på Stavneset, og fiskevær i Øknsevågen og Svegggesundet. Bosettingsspor fra steinalder. Kristiansund har historie som fiske- og sjøfartsby, gjenreisingsby etter andre verdenskrig. Enhetlige byområder fra begynnelsen av 1900-tallet. Flere krigsminner og kystfort; kystbatteri Kristiansund-Nord, Kvitneset, Nordlandet og Innlandet. Disse var del av nettverk Festung Norge og artillerigruppe Ålesund.




Figur 6-71. Temakart kulturmiljø

2.6 Friluftsliv

Konsekvensutgreiinga baserer seg på Kristiansund kommune sine friluftskartleggingar etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-98, og i Smøla på vurderingar basert på opne kjelder og tilgjengeleg lokalkunnskap. Det er avgrensa i alt 9 delområde for friluftsliv i utgreiingsområdet.

Tabell 6-18 Oversikt over delområder med verddivurdering for tema friluftsliv.

ID	Navn	Verdi	Beskrivelse
F1	Grip	Høy	Øya Grip med gjestebrygge og kafé. Natur- og kulturhistorisk verdi. Kartlagt som svært viktig med stor brukerfrekvens og mange opplevelseskvaliteter. Høy grad av tilrettelegging med stor symbolverdi. Ofte regionale og nasjonale brukere. Kilde: Naturbase
F2	Skjær og holmer rundt øya Grip	Høy	Gode fiskeplasser fra båt. Moholmen og Grønningen er naturreservat. Kartlagt som svært viktig med ganske stor brukerfrekvens og ganske mange opplevelseskvaliteter. Litt tilrettelagt med ganske stor symbolverdi. Regionale og nasjonale brukere er kartlagt til nesten aldri. Kilde: Naturbase
F3	Inngripan	Høy	Utfartsområde. Fiske og båtrelatert aktiviteter. Kartlagt som svært viktig med ganske stor brukerfrekvens og ganske mange opplevelseskvaliteter. Litt tilrettelagt med ganske stor symbolverdi. Regionale og nasjonale brukere er kartlagt til nesten aldri. Kilde: Naturbase. <u>Nådhytte på Nordgripan</u> som ble bygd for ly for fiskere, hytta er ivaretatt av lokal forening.
F4	Griptaren	Høy	Et kjent og populært område for fritidsfiske blant lokale, regionale, nasjonale og internasjonale brukere.
F5	Remman	Høy	Populært område for dykking. Benyttes ofte av både lokale, regionale og internasjonale brukere. Høy opplevelsesverdi i det undersjøiske landskapet, og høyt biologisk mangfold knyttet til tareskogen.
F6	Sør - Smøla	Høy	Større område som benyttes til padling, fiske, båtaktivitet og dykking. Øyer, holmer, skjær og gamle fiskevær som <u>Ringsøya</u> , <u>Hallarøya</u> , <u>Spilvalen</u> , <u>Sandværet</u> . Tilrettelegging med gapahuk på Rossvollhaugen. Mange opplevelseskvaliteter. Utfart med båt og kajakk fra Jøstølen.
F7	Øst-Smøla	Høy	Flere padleruter i området, og del av padlerute for Smøla rundt. Regionale brukere. Badestrand på <u>Edøya</u> . Område ved <u>Edøy-Straumen-Kyrhaug</u> benyttes til havørnsafari. Smøla kajakk holder til på <u>Steinsøysundet</u> , som har utleie av utstyr, og er et populært turutgangspunkt for kajakkpadlere. Dyrøya har sandstrender som er populært utfartsområde.
F8	Vest- Smøla	Høy	Mange padleruter i området, og del av padlerute for Smøla rundt. Tilrettelegging med gapahuk på Svanøya og Monsøysvaet. Regionale brukere. Populære dykkedestinasjoner på <u>Gjæslingan</u> og <u>Gåsskjæran</u> m.fl.
F9	Veiholmen	Høy	Benyttes til padling, fiske og båtaktivitet. Mange opplevelseskvaliteter ved fiskeværet <u>Veiholmen</u> og <u>Haugjeola</u> fyr. Tilrettelegging med gapahuk på <u>Haugøya</u> og plastarken på <u>Hammarøya</u> . Regionale og nasjonale brukere.




Figur 6-75. Temakart friluftsliv


2.7 Naturressursar

2.7.1 Fiskeri

Fiskerinæringa med ringverknader er viktig for sysselsetting og verdiskaping på Smøla og i Kristiansund, og kommunane rundt. Området vest og nord og vest for Smøla er viktige fiskeområde. Av plassomsyn har vi her berre tatt inn verdikarta for passive og aktive reiskapar for å illustrere fiskeriressursane i utgreiingsområdet, og viser elles til kapittel 6.2.1 i konsekvensutgreiinga.




Figur 6-37. Verdikart for fiskefelt for passive redskaper ved Griphølen og Remman. Delområder er nummerert jf.



Figur 6-40. Verdikart for fiskefelt for aktive redskaper ved Griphølen og Remman. Delområder er nummerert jf. tabell 6-9.

2.7.2 Hausting av tang og tare

Hustadvika og Nordmøre er eit viktig område for tarenæringa, og står nasjonalt for om lag 16 % av landa kvantum i Norge, jf. figur 7. Smøla er ein viktig kommune saman med Kristiansund, Hustadvika og Averøy.



Figur 7. Prosentvis fordeling av tarehausting 2011-2018 langs kysten. Kjelde: Fiskeridirektoratet.


I konsekvensutgreiinga er det i tabell 6-11 vist fangstrapporterte tal frå dei foreslåtte verneområda, saman med nasjonale og regionale tal.

Tabell 6-11. Oversikt over fangstrapportering av tare i tonn for Norge, regionalt og i foreslått verneområde. Tall er ved tilgang hentet fra Fiskeridirektoratet sin database. *Prosentandel er relatert til fangst for Møre og Romsdal.


Områder	3 siste sesonger (t)	andel tonn %	11 siste sesonger (t)	andel tonn %
Norge	441.820	100	1.414.369	100
Trøndelag	225.358	51	672.801	48
Møre og Romsdal	118.064	27	453.924	32
Foreslått verneområde*	11.048	9	30428	7

Området ved Grip/Inngripan er det viktigaste haustefeltet i utgreiingsområdet, og det er vesentleg mindre aktivitet/utbytte i Sør-Smøla. Remman er utan tarehausting, både innanfor naturreservatet (forbod) og utanfor (ikkje opna for hausting i regional tarehaustingsforskrift). Dette gjenspeglar seg også i inndelinga av delområde i konsekvensutgreiinga.

Tangskjering er omtala i konsekvensutgreiinga, men då det er tillate etter dagens verneforskrift for Sør-Smøla landskapsvernområde, og ikkje vil bli regulert med marint vern, går vi her ikkje nærare inn på dette. I Inngripan naturreservat vil tangskjering bli forbode, men det gjeld eit så lite areal at vi ikkje ser det som vesentleg for avgjerd.



Figur 6-48. Oversikt over rutenett innenfor foreslått verneområde med tilhørende fangstdata for de siste tre årene. Fargekoder i ruter viser til antall tonn høstet per rute de siste tre årene.



Figur 6-51. Avgrensede delområder for høsting av tare.

2.7.3 Skjelsand og mineralressursar


Uttak av skjelsand og mineralressursar er i konsekvensutgreiinga vurdert til ikkje å ha nemnande betydning, og vi viser til kapittel 6.2.3 der for detaljar.

2.8 Samfunn og næring

Kapittel 6.4 i konsekvensutgreiinga gir ei utfyllande omtale av næringsstrukturen i dei aktuelle kommunane og i regionen. I det vidare framhevar vi dei mest relevante næringsaktivitetane, og viser elles til konsekvensutgreiinga for meir informasjon.

2.8.1 Akvakultur


Smøla er ein viktig havbrukskommune. Oppdrett av laks og aure i sjø er den viktigaste oppdrettsforma. Gjeldande tildelte lokalitetar er vist i figur 6-88 (frå KU). Innanfor foreslått verneområde er det gitt løyve til tre tradisjonelle opne akvakulturanlegg for laksefisk og eitt anlegg for kommersiell dyrking av tare. Innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde er det i ei avgrensa sone opning for å gi løyve til oppdrettsanlegg som ikkje er i strid med verneformålet. Lakseanlegga innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde er relativt store, med maksimalt tillatte biomassar (MTB) på 3 900 (Vågsholmen, ikkje etablert drift pr. mai 2026), 6 240 (Fjordprakken) og 8 580 tonn (Solværet). Med blå prikk er vist omsøkt lokalitet Lyngtaren. Denne fekk avslag 11.02.2026 ved handsaming etter verneforskrifta for Sør-Smøla landskapsvernområde, og fekk også avslag frå Mattilsynet 07.01.2026 på grunn av lakselusbelastninga i området.



Figur 6-88. Akvakulturlokaliteter rundt Smøla og innanfor foreslått verneområde Griphølen og Remman. Blå sirkel viser til omtrentlig område for omsøkt Lyngtaren.

Konsekvensutgreiinga har delt Griphølen inn i tre delområde.

ID	Delområdenavn	Verdi	Beskrivelse
AKV1	Skjærgården ved Sør-Smøla Landskapsvernområde	Høy	Eksisterende akvakultur for laksefisk, godt egnet med hensyn til miljø, teknologi og fiskevelferd. Muligheter for utvidet produksjon eller etablering av anlegg.
AKV2	Området ved Grip og Inngripan	Middels	Eksisterende akvakultur for tare dyrking, vurderer begrensede muligheter for laksefisk, men muligheter for utvidet produksjon eller etablering av flere anlegg for dyrking av tare.
AKV3	Øvrige områder av Griphølen	Lav	Ingen akvakultur per i dag og lite egnet for etablering og drift av tradisjonelle akvakulturanlegg for laksefisk og tare dyrking. Vurderes ikke videre iht. V712, kap 6.3.3.



Figur 6-94. Oversikt over delområder for akvakultur.

Ved Smøla er det fleire artar som kan vere aktuelle for havbeite, m.a. hummar, kamskjel og flatøsters. Havbeite som næring får lav verdi i konsekvensutgreiinga, ut i frå at regional og nasjonal aktivitet er svært liten, med få tildelte konsesjonar.

2.8.3 Reiseliv

Reiselivsnæringa på Smøla og i Kristiansund omfattar et knippe rene reiselivsbedrifter på Smøla og i Kristiansund som er spesielt tilknyttet det marine. Disse tilbyr ulike turer med båt for å oppleve fiskevær, natur, landskap og fauna. Eksempel er Gripruta, Smøla Naturopplevelser, Nekton Diving og Smøla Havstuer. I tillegg er det fleire bedrifter som operer innanfor overnatting og servering som nyt godt av det kystretta reiselivet. Næringa er regionalt viktig. Kystkultur og historiske bygningsmiljø, naturen, landskapet og den historiske djupna i området er vurdert til å vere viktige kvalitetar som

grunnlag for reiselivet i kommunane. Reiseliv er gitt høg verdi i konsekvensutgreiinga, utan at det er kartfesta og verdsett særskilte delområde.

2.8.4 Energiproduksjon

Konsekvensutgreiinga gir ein gjennomgang av aktuelle prosjekt/utgreiingar for energiproduksjon i området i større samheng. Konkret for utgreiingsområdet er energiproduksjon ei lite aktuell interesse.

2.8.5 Samferdsel


Konsekvensutgreiinga gir ein gjennomgang av ferdsel til sjøs i området. Edøyfjorden (Trondheimsleia) er ein svært viktig ferdselskorridor i området. Inn og ut frå kysten er leiene vest og nord for Grip viktige. Kystverket har om lag 140 navigasjonsinstallasjonar i utgreiingsområdet. Samla sett er samferdsel i sjø vurdert til å ha høg verdi i området.

2.8.4 Anna

Konsekvensutgreiinga omtalar kort interesser knytt til kablar og rør, petroleum, Forsvaret, landbruk og mindre utbyggingstiltak. Vi går her ikkje nærare inn på desse.

2.9 Planstatus

Området er omfatta av Sjøområdeplan Nordmøre. Utsnitt av sjøområdeplanen ved Griphølen er vist i figur 8, og området ved Remman er vist i figur 9. I konsekvensutgreiinga kapittel 5.3 er det gått meir nøye gjennom relevant planverk, både regionale planar, kommuneplanar og relevante reguleringsplanar. Kommunane sine arealplanar går ut til 1 nautisk mil utanfor grunnlinja. Områda for marint vern går ut om dette.



Figur 8. Utsnitt av Sjøområdeplan Nordmøre ved Griphølen.

I grove trekk viser den blå bakgrunnsskraveringa kombinerte formål (VKA) som omfattar natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur. Dei reine blå avgrensingane er kombinerte formål (V) natur,

fiske, ferdsel og friluftsliv. For avgrensingane i sjøen nord og vest for Grip og ved Remman/Veiholmen seier føresegnene at fiske har prioritet. I praksis er dette fiskefelt for aktive reiskapar. I den meir kantete blå avgrensinga ved Smøla er ikkje V-formåla prioritert.

Den markerte, kvadratiske skraveringa viser naturvernområde. Dei andre, mindre markerte skraveringa viser omsynssoner for gytefelt, låssettingsplassar og akvakulturlokalitetar.



Figur 9. Utsnitt av Sjøområdeplan Nordmøre ved Remman.

2.10 Inngrepsstatus

Griphølen

Det er lite inngrep i Griphølen marine verneområde. Vernegrensa er i hovudsak trekt utanom moloar og hamner, og utanfor privat grunn. Det er heller ingen vegar eller bruer innanfor vernegrensa.

Tre eksisterande lokalitetar for oppdrett av laks og aure ligg innanfor den delen av det foreslåtte marine verneområdet som er omfatta av Sør-Smøla landskapsvernområde (sjå kap. 2.8.1). Med maksimalt tillatte biomassar (MTB) på 3 900 (ikkje etablert drift pr. mai 2026), 6 240 og 8 580 tonn er dette relativt store anlegg, med vesentlege utslepp av organisk materiale. Dei siste resipientundersøkingane viser at sedimenttilstanden er moderat på lokalitet Solværet og god på lokalitet Fjordprakken. Begge har god tilstand i strandsonegranskingar. Svært gode straumforhold gjer at lokalitetane har stor bereevne.

Det ligg tre lengre sjøkablar innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde, desse går til Arnøya og vidare til to akvakulturanlegg, til Ringsøya, Tranøya og Hallarøya, og ein kabel mellom Smøla og fastlandet. Med unntak av nokre spreidde avløp frå fritidsbustader er det ikkje avløpsleidingar i området. Det er eit stort tal stakar og bøyer i området, og ein del lykter. Det blir ikkje mudra i området, og det har etter det vi kjenner til ikkje vore sprengt ut farleier i nyare tid. Det er fem registrerte lokalitetar for låssetting av fisk.

Inngripan

Med unntak av ei mindre nødhytte på Nordgripen er Inngripan utan fysiske inngrep.

Remman

Remman er utan fysiske inngrep.

2.11 Karbonlagring

Eit tema som ikkje er dekt i vesentleg grad i konsekvensutgreiinga er karbonlagring som element i vurdering av marint vern. Temaet var ikkje tatt inn i utgreiingsprogrammet fastsett i desember 2020.

I Stortingsmelding 21 (2023-24) Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havområdene kjem det fram at regjeringa vil vektlegge bevaring og restaurering av marin vegetasjon og område med karbonrike sediment i det vidare arbeidet med marint vern.

Tareskogen er den viktigaste karbonbindaren i dei marine naturtypene langs kysten (6), og dette gjeld tilsvarande i særleg grad i Griphølen og Remman, som har store areal med særleg storvaksen tareskog. Tareskogen har betydning som korttids karbonlager i den ståande biomassen. Den viktigaste funksjonen til tareskogen er likevel som kjelde til tilførsel av taremateriale for langtidslagring i blautbotnsområda. Griphølen har store areal med djupare og grunnare blautbotn.

Statsforvaltaren har ikkje vurdert det som tenleg å forsøke å kvantifisere isolerte tal for karbonlagring her eller i verknadskapittelet for områda som inngår i verneplanen. Vi viser til NIVA-rapport M-2385/2022 *Kunnskapsoppsummering om marine områder som er viktige for karbonlagring* (6) for generelt kunnskapsgrunnlag.

3 Verneforslag

3.1 Forslag Griphølen marine verneområde

3.1.1 Verneformål Griphølen marine verneområde

Ein vesentleg del av ei verneforskrift er verneformålet. Det vil først av alt ha betydning for utforming av verneforslaget både geografisk og juridisk. Formuleringane i verneformålet vil også ha betydning når ein skal forvalte områda etter vedtak om vern. Dette kan t.d. gjelde der forskrifta opnar for å gi løyve til tiltak/aktivitetar som ikkje strir mot verneformålet, og tilsvarande for tiltak som må ha dispensasjon i medhald av § 48 i naturmangfaldlova.

På bakgrunn av tilrådinga frå rådgjevande utval, naturverdiane i området, samt ordlyden i nyleg vedtatte verneforskrifter, foreslår Statsforvaltaren i Møre og Romsdal følgjande verneformål for Griphølen marine verneområde:

Formålet med Griphølen marine verneområde er å ta vare på eit ope kystområde med stor spennvidde i naturtypar, men som også inneheld særeigne kvalitetar. Området inneheld straumrike og produktive djupområde, særeigen og mangfaldig skjergard og kuperte undersjøiske landskap. Det er godt utvikla tareskog i delar av området, og den marine floraen og faunaen består av eit rikt mangfald av artar. Dei marine naturkvalitetane er også grunnlag for viktige funksjonsområde for m.a. sjøfugl, ender og vadarar. Området inneheld trua, sjeldan og sårbar natur, og har særskilt naturvitskapeleg verdi. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking, delar av dette som referanseområde for å kunne studere effektar av taretråling.


Verneformålet knyter seg til sjøbotnen, vassøyla og sjøoverflata.

3.1.2 Avgrensing av Griphølen marine verneområde

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal foreslår ei avgrensing som i hovudsak er i samsvar med området teikna opp av rådgjevande utval, og området det vart meldt oppstart for i 2020. Avgrensinga er vist i kartoversikta i kap. 3.5 og i meir detalj i vedlegg 1.

Samanlikna med området slik det var utforma og gjort greie for i oppstartsmeldinga i 2020 er det gjort to vesentlege endringar i avgrensinga. Først av alt foreslår vi at det marine verneområdet ikkje overlappar med Sortna og Grip naturreservat, sjå grunngjeving nedanfor. Deretter foreslår vi å utvide sørgrensa ned til kommunegrensa til Aure, for å få med eit korallrev som tilrådd i punkt 8.1 i konsekvensutgreiinga.

Mot matrikulert land følgjer grensa marbakken eller to meter under sjøkartnull der marbakken ikkje finst. Mot landareal som ikkje er matrikulert følgjer grensa for det marine verneområdet middel høgvasstand (kystkonturen), jf. forslag til verneforskrift.



Figur 10. Forslag til utviding av Griphølen mvo vist med raudt. Korallrev vist med oransje prikk.

Avgrensing mot eksisterande verneområde

Det er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg å ha overlappande verneområde. Det inneber at brukarar og ulike interessentar må orientere seg i to verneforskrifter for å få oversikt over rettstilstanden i områda med overlapp. Vi har difor gått gjennom verneformål og verneforskrifter for dei eksisterande verneområda og vurdert om dei sikrar marine verneverdiar i tilstrekkeleg grad.

Grip og Sortna er sjøfuglreservat verna i 2010 og 2009. Desse vernar plantelivet i sjøen, og forbyr ei rekke fysiske tiltak. Dyrelivet er freda, og ut i frå at jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk er spesifisert som unntak frå fredingane legg vi til grunn at dette omfattar også sjølevande dyreliv.

Når vi ser på reguleringane av marint dyreliv i forskrifter for marine verneområde ser vi at unntak for jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk er mest aktuelle utforming. Meirverdien av å legge marint vern over eksisterande vern er difor avgrensa på dette feltet.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal finn ut i frå dette at det er mest tenleg å avgrense det marine verneområdet mot dei to eksisterande naturreservata.

Sør-Smøla landskapsvernområde vart verna i 2009 som del av verneplan for Smøla. Verneformål og vernereglane elles i [verneforskrifta for Sør-Smøla landskapsvernområde](#) tar i avgrensa grad opp i seg omsyn til dei marine naturverdiene. I verneformålet er zoologiske verdiar avgrensa til verdi som overvintringsområde og hekkeområde for fugl, og for botaniske verdiar avgrensa til naturtypar knytt til havstrand, brakkvatn og ferskvatn. Taretråling er ikkje regulert.

Statsforvaltaren finn difor at det marine verneområdet må avgrensast med overlapp med Sør-Smøla landskapsvernområde viss ein skal nå målsettingane med marin verneplan.

For å synleggjere verknadene av å halde Sør-Smøla landskapsvernområde utanfor det marine verneområdet, omfattar konsekvensutgreiinga og høyringa eit alternativ der landskapsvernområdet ikkje inngår i Griphølen marine verneområde.

3.1.4 Verneforskrift Griphølen marine verneområde

Forslag til verneforskrift for Griphølen marine verneområde går fram av vedlegg 7.

Hovudtrekka i forskrifta er først å definere verneformålet i § 1, den geografiske avgrensinga i § 2, og kva restriksjonar som følgjer av vernet i § 3. Vernereglane i § 3 omfattar først freding av plante- og dyrelivet, og listar deretter opp ei rad tiltak som ikkje er tillatne. Dette omfattar m.a. fysiske tiltak som bygg/installasjonar og ulike inngrep, samt ulike former for forureining. Botntråling vil også vere forbode. Opplistinga i forskrifta er ikkje uttømmende.

Deretter listar § 4 opp ei rekke tiltak og aktivitetar som ikkje er hindra av vernereglane i § 3. Dette omfattar særleg igangverande aktivitetar i området, og drift og vedlikehald av eksisterande installasjonar. Døme på igangverande aktivitetar kan vere ulike fiskeaktivitetar, navigasjonsinstallasjonar og ulike kablar og rør som finst i området. Dette er tiltak og aktivitetar som kan fortsette utan at det er naudsynt å søke om dispensasjon. Som vedlikehald blir rekna nødvendige tiltak eller arbeid for å halde oppe noverande eller tidlegare tilstand. Ombygging eller utviding er ikkje rekna som vedlikehald. Unntaket for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar gjeld berre for anlegg og innretningar som ligg innanfor verneområdet sine grenser.

I § 5 er det sett opp ulike tiltak forvaltningsstyresmakta (mest vanleg Statsforvaltaren) kan gi dispensasjon for etter ei konkret vurdering. Dette er tiltak som med rett plassering, omfang og nødvendige vilkår ikkje treng påverke dei marine naturverdiane i vesentleg grad. I tillegg til ulike mindre tiltak som t.d. nye installasjonar, kablar og rør, er det grunn til å framheve at akvakultur (inkl. havbeite) er mellom dei tiltaka som kan få dispensasjon så lenge det ikkje strir mot verneformålet.

Formuleringa "kan etter søknad gje dispensasjon til" i § 5, betyr ikkje at forvaltningsstyresmakta skal gi dispensasjon, men at forvaltningsstyresmakta kan vurdere om ein søknad gjer grunnlag for dispensasjon. Det er berre aktiviteten eller tiltaket som direkte følgjer av den aktuelle dispensasjonsregelen det kan bli gitt dispensasjon til. Sjølv om eit tiltak det er søkt om er innanfor ramma av ein spesifisert dispensasjonsregel, må det likevel gjerast ei sjølvstendig vurdering av om ein skal gje dispensasjon i einskildtilfelle. Sjølv om ordlyden i regelen er det klare utgangspunktet for tolkinga, må dispensasjonen også vurderast i lys av verneføremålet, naturforholda i området, lokalisering innanfor området, teknologi, storleik/omfang av tiltak mv. I tillegg vil mellom anna forarbeid til vernet og forvaltningspraksis vera sentrale tolkingmoment.

I tillegg til dei spesifiserte dispensasjonsheimlane er det i § 6 vist til den generelle dispensasjonsregelen som følgjer av naturmangfaldlova § 48. Regelen inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Regelen opnar for å gi dispensasjon dersom tiltaket ikkje strir mot verneformålet (§ 1 i verneforskrifta) og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Det følgjer av forarbeida til naturmangfaldlova at den generelle dispensasjonsregelen i § 48 i første alternativ ikkje kan brukast for å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Regelen skal vere en sikkerheitsventil for tiltak som ein ikkje kunne føreseie, eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Med tryggingssyn i andre alternativ blir det mellom anna sikta til tryggleik for liv og helse, og tryggleik mot omfattande og direkte skade på eigedom. Det er eit krav at tiltaket må vere nødvendig. Med det siktar ein til at tryggingssyn må vere av kvalifisert art, og at det ikkje er praktisk mogleg å ivareta dei ved tiltak utanfor verneområdet, eller med mindre inngripande tiltak innanfor verneområdet.

Med «vesentlege samfunnsinteresser» i tredje alternativ er meint tungtvegande omsyn av nasjonal tyngde. Dette kan for eksempel vere viktige kommunikasjonsanlegg som flyplassar, jernbaner eller større samferdselprosjekt. Saker som har stor lokal interesse eller regional tyngde er ikkje tilstrekkeleg som grunnlag for å gi dispensasjon etter denne dispensasjonsregelen. Dersom det lar seg gjere å ta vare på samfunnsinteressa på ein anna måte, til dømes ved val av eit anna område eller ein annan trasé, er ikkje kriteriet «nødvendig» oppfylt. Alternative løysingar vil difor vere ein sentral del av vurderinga av kva som er «nødvendig».

Vi gjer ut over dette merksam på at det ikkje er reguleringar knytt til ferdsel innanfor det marine verneområdet. Sjå også oversiktstabell med hovudtrekka i restriksjonane i verneforskriftene i kapittel 3.6 (henta frå konsekvensutgreiinga).

Verknader av verneforslaget for ulike sektorar er gjort meir greie for i kapittel 4.2. Diverre er det i konsekvensutgreiinga sitt kapittel 7.1 med m.a. verknader for akvakultur, føresett at havbeite er forbode. Gitt at havbeite er ei lite utvikla grein av akvakulturnæringa, og at ein i lys av det truleg også vil legge ein streng praksis til grunn, ser vi likevel vurderingane i konsekvensutgreiinga som dekkande.

3.2 Forslag til utviding av Remman naturreservat

3.2.1 Verneformål Remman naturreservat

Ein vesentleg del av ei verneforskrift er verneformålet. Det vil først av alt ha betydning for utforming av verneforslaget både geografisk og juridisk. Formuleringane i verneformålet vil også ha betydning når ein skal forvalte områda etter vedtak om vern. Dette kan t.d. gjelde der forskrifta opnar for å gi løyve til tiltak/aktivitetar som ikkje strir mot verneformålet, og tilsvarande for tiltak som må ha dispensasjon i medhald av § 48 i naturmangfaldlova.

På bakgrunn av tilrådinga frå rådgjevande utval, naturverdiane i området, samt ordlyden i nyleg vedtatte verneforskrifter, foreslår Statsforvaltaren i Møre og Romsdal følgjande verneformål for Remman naturreservat:

Formålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a) er eit viktig hekkeområde for sjøfugl, med det naturlege tilknytte plante- og dyrelivet på land og i sjøen. Viktige artar av sjøfugl er mellom anna toppskarv, ærfugl, fleire måkeartar, teist, terne og tyvjo.*
- b) representerer viktige grunnvassområde langs kysten, med eit grunt, kupert platå med ei rekke øyar, holmar og skjær og vekslende botn- og djupneforhold. Området er sterkt eksponert med mykje tareskog. Området har særskilt naturvitskapeleg verdi.*

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand. Området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking, mellom anna for å kunne studere effektar av taretråling.

Verneformålet knyter seg til landarealet, sjøbotnen, vassøyla og sjøoverflata.

3.2.2 Avgrensing Remman naturreservat

Delar av arealet som vart foreslått som kandidat område for marint vern i 2004 (3) er seinare verna som sjøfuglreservat i 2010. Naturreservatet sikrar også marine naturverdiar, og om ein tar sikte på å unngå overlapp med to verneforskrifter for dette arealet, vil det reine marine verneområdet i så fall berre bli liggande som ein brem rundt naturreservatet.

Gitt den isolerte plasseringa og svært lite konkurrerende arealbruksinteresser i området, ser Statsforvaltaren det som mest tenleg at siktemålet med marin verneplan blir ivaretatt med å utvide naturreservatet. Dette er difor lagt til grunn i konsekvensutgreiinga.



Figur 11. Forslag til utviding av Remman naturreservat vist med fiolett.

Sjå også kartoversikta i kap. 3.5 og detaljkart i vedlegg 1.

3.2.3 Verneforskrift Remman naturreservat

Forslag til revidert verneforskrift for Remman naturreservat går fram av vedlegg 8. Sjå avsnitt 3.1.4 for generell informasjon om oppbygging og tolking av forskrifta.

Einaste vesentlege endringa frå dagens forskrift er at havbeite med ny forskrift vil vere forbode innanfor Remman naturreservat. Endringar i forskrifta omfattar elles berre redaksjonelle oppdateringar og endringar i ordlyd i samsvar med nyare malar.

Av konkrete reglar som skil seg frå Griphølen marine verneområde vil det som i dag ikkje vere opna for tarehausting i Remman naturreservat. Dette er i samsvar med endeleg tilråding frå det rådgjevande utvalet for marin verneplan (3). Det vil heller ikkje vere opning for å gi løyve til akvakultur (same som i dag). Sjå også oversiktstabell med hovudtrekka i restriksjonane i verneforskriftene i kapittel 3.6 (henta frå konsekvensutgreiinga).

Verknader av verneforslaget for ulike sektorar er gjort meir greie for i kapittel 4.3.

3.3 Forslag Inngripan naturreservat

3.3.1 Verneformål Inngripan naturreservat

Ein vesentleg del av ei verneforskrift er verneformålet. Det vil først av alt ha betydning for utforming av verneforslaget både geografisk og juridisk. Formuleringane i verneformålet vil også ha betydning når ein skal forvalte områda etter vedtak om vern. Dette kan t.d. gjelde der forskrifta opnar for å gi løyve til tiltak/aktivitetar som ikkje strir mot verneformålet, og tilsvarande for tiltak som må ha dispensasjon i medhald av § 48 i naturmangfaldlova.

På bakgrunn av tilrådinga frå rådgjevande utval, naturverdiane i området, samt ordlyden i nyleg vedtatte verneforskrifter, foreslår Statsforvaltaren i Møre og Romsdal følgjande verneformål for Inngripan naturreservat:

Formålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a) er eit urørt og internasjonalt verdifullt kystområde, med naturleg tilknytt plante- og dyreliv, og økologiske funksjonar. Spesiell verdi er knytt til området som overvintringslokalitet og hekkeområde for fugl, og som leveområde for oter og havørn.*
- b) representerer spesielle grunnvassområde langs kysten, og har særskilt naturvitskapeleg verdi. Remman har spesielle botnforhold med eit undersjøisk fjellplatå med særleg storvaksen tareskog, og rikt produktivt dyreliv i tareskogen og i skråningane ned frå platået.*

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand. Området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking, mellom anna for å kunne studere effektar av taretråling.

Verneformålet knyter seg til landarealet, sjøbotnen, vassøyla og sjøoverflata.

3.3.2 Avgrensing Inngripan naturreservat

Avgrensinga av Inngripan naturreservat er i samsvar med avgrensinga som låg inne i sjøfuglplanen i 2010, sjå kartoversikt i kap. 3.5, og i vedlegg 6.

3.3.3 Verneforskrift Inngripan naturreservat

Forslag til verneforskrift for Inngripan naturreservat går fram av vedlegg 9. Sjå avsnitt 3.1.4 for generell informasjon om oppbygging og tolking av forskrifta.

Av konkrete reglar som skil seg frå det marine verneområde vil det i Inngripan naturreservat ikkje vere opning for å gi løyve til akvakultur. Vidare er det foreslått forbod mot taretråling. Ferdsel på land er forbode i perioden 1. mai til 31. juli, med unntak for Nordgripen. Sjå også oversiktstabell med hovudtrekka i restriksjonane i verneforskriftene i kapittel 3.6 (henta frå konsekvens-utgreiinga).

Verknader av verneforslaget for ulike sektorar er gjort meir greie for i kapittel 4.4.

3.4 Soner med særlege restriksjonar – Griphølen, Remman og Inngripan

Rådgjevande utval for marint vern la i si førebelse (2) og endelege tilråding (3) i høvesvis 2003 og 2004 til grunn at ei rekke aktivitetar skulle kunne fortsette innanfor dei marine verneområda, trass i at dei faktisk og potensielt vil påverke verneverdiane. Dette gjeld i særleg grad tarehausting, fiskemetodar som rører ved botnen og akvakultur. For å bøte på dette, og legge til rette for å overvake utviklinga i påverka og upåverka område, peika rådgjevande utval ut behov for å sette av særskilte referanseområde i utvalde kandidat område.

For Remman og Inngripan er aktuell verneform naturreservat, som har vesentleg strengare verneforskrifter enn dei fleste marine verneområde. Det inneber m.a. forbod mot akvakultur og tarehausting. Dei fleste naturreservat som dekker sjø har ikkje reguleringar knytt til fiske, jakt og fangst i samsvar med gjeldande regelverk. I det vidare blir behov for restriksjonssoner vurdert for Griphølen marine verneområde.

Fiskeri og akvakultur – Griphølen marine verneområde

For fiskeriaktivitet og akvakultur har rådgjevande utval (3) ikkje peika på Griphølen og Remman som eit område det bør settast av referanseområde. Utvalet framhevar generelt likevel at det bør etablerast overvaking og kontroll av verknader knytt til fiskeri, for å sikre at verneverdiane ikkje blir gradvis forringa på grunn av auka aktivitet, teknologiutvikling m.v. Rammene for dette vil vere naturleg å avklare i forvaltningsplan for Griphølen marine verneområde. For akvakultur føreset rådgjevande utval at det ikkje må gjevast løyve til akvakultur som påverkar verneverdiane negativt. Dette er også i samsvar med forslag til forskrift for Griphølen marine verneområde.

For fiske er det ikkje samsvar mellom verneforslaget sitt restriksjonsnivå og internasjonale krav til klassifisering av marine verneområde. Få restriksjonar på fiskeri gir redusert måloppnåing kva gjeld positive effektar på økosystemet. Verneforslaget er utforma på bakgrunn av tilrådinga frå rådgjevande utval for marint vern, der regulering av fiske, inkludert snurrevad, ikkje var mellom dei tilrådde restriksjonane. Etter dei styringssignal vi har fått frå Miljødirektoratet er fiskeri vurdert som igangverande verksemd som kan halde fram. Verknader av fiskeriverksemd på verneverdiane vil vere eit tema som må følgjast opp i forvaltningsplanen for området og ev. gi grunnlag for tilpassingar, ref. rådgjevande utval si tilråding.

Taretråling – Griphølen marine verneområde

Rådgjevande utval peikte generelt på at det er eit klart behov for referanseområder utan tarehausting langs kysten i førebels tilråding frå 2003 (2):

Disse kan tjene til å sammenligne tidsutviklingen i tareskogene med tilhørende artsmangfold mellom høstede og ikke-høstede områder. Dette kan igjen gi mulighet til å få tidlige indikasjoner på eventuelle negative virkninger av høsting eller forhåpentligvis å kunne dokumentere at tarenæringen ikke har negative påvirkninger på kystøkosystemene. Omfanget av referanseområder som trenges er en vanskelig faglig avveining. Tareskogene er åpne økosystemer hvor rekruttering av tare, kråkeboller og andre organismer skjer ved transport av sporer og larver med strømmene. Predatorer som fisk og sel som kan påvirke dynamikken i tareskogene, kan vandre over betydelige distanser og deres

bestandssituasjon kan gjenspeiles på større geografiske områder. På denne bakgrunn er det viktig at referanseområdene ikke er for små og at de forekommer fordelt i ulike avsnitt langs kysten.

I utgangspunktet bør de marine verneområdene kunne dekke behovet for referanseområder i forhold til tarehøsting. Utvalgte områder eller deler av disse bør derfor settes av særskilt for dette formålet med forbud mot taretråling. Dette er fordi disse områdene også kan tjene som generelle referanseområder hvor naturtilstanden overvåkes i forhold til påvirkning generelt og ikke bare i forhold til tarehøsting.

Om Griphølen spesielt skreiv utvalet både i 2003 og 2004 at det var ønskeleg med forbud mot taretråling i delar av området, og viste m.a. til arbeidet med verneplan for Smøla som då var under utarbeiding. Omfanget av naturreservat med hausteforbod i det arbeidet vart vurdert som tilstrekkeleg av utvalet. Ved vedtak i 2009 var fleire naturreservat tatt ut av verneplanen, og omfanget av forbud mot taretråling sterkt redusert. Utvalet rådde vidare til å avvente forslag frå fylkesregional arbeidsgruppe for hausting av tang og tare, men i seinare forslag til revisjon av hausteforskrifta er det ikkje foreslått forbodssoner i området ved Griphølen. Dette inneber at det ikkje ligg føringar frå desse som grunnlag for å vurdere omfang og avgrensing av soner utan tarehausting i Griphølen marine verneområde.


Det er eit nasjonalt mål at eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for komande generasjonar. Det følgjer av dette at marine verneområde må omfatte større samanhengande tareøkosystem som er urørt og representative for naturverdiane både i det enkelte området og for kystavsnittet generelt. Statsforvaltaren legg difor til grunn at det er nødvendig å sette av ei relativt stor sone med taretrålingsforbod innanfor Griphølen marine verneområde, og at sona nødvendigvis må inkludere areal med omfattande taretrålingsaktivitet.

Som sjølvstendig grunnlag for vurdering av forslag til restriksjonssone med forbud mot taretråling, innhenta Statsforvaltaren råd frå Akvaplan-niva, som la fram ein naturfagleg grunnlagsrapport i 2020 (5). Rapporten inneheldt forslag til restriksjonssoner rundt Grip, og i nordre del av Sør-Smøla landskapsvernområde (alternativ G-RS-2). I tillegg foreslo Fiskeridirektoratet ved oppstart (vedlegg 11) ei sone i indre delar av landskapsvernområdet (alternativ G-RS-1). Sjå kapittel 3.5 for kart over forslaga.


Verknadene av dei foreslåtte restriksjonssonene er utgreidd i konsekvensutgreiinga.

3.5 Kartoversikt - høyringsalternativ

3.5.1 Høyringsalternativ Griphølen marine verneområde




Figur 12. Griphølen mvo - overlapp med Sør-Smøla Ivo, alternativ G-1




Figur 13. Griphølen mvo - ikkje overlapp med Sør-Smøla Ivo, alternativ G-2

3.5.2 Høyringsalternativ restriksjonssoner taretråling Griphølen




Figur 14. Restriksjonssone taretråling - alternativ G-RS-1




Figur 15. Restriksjonssone taretråling - alternativ G-RS-2

3.5.3 Høyringsalternativ utviding Remman naturreservat



Figur 16. Utviding av Remman naturreservat - alternativ R-1

3.5.4 Høyringsalternativ Inngripan naturreservat



Figur 17. Inngripan naturreservat - alternativ IG-1

3.6 Oversiktstabell verneforskrifter

Tabell 7-1. Hovedtrekkene i vernegrepet for marint verneområde. Om aktiviteten eller tiltaket vil være tillatt eller ikke er angitt med Ja, Nei eller Delvis. Endringer sammenlignet mot dagens situasjon er vist med feit skrift. Se vedlegg for fullstendig versjon av utkast til verneforskriftene.

Type aktivitet/ tiltak	Marint verne- område - Griphølen	Sør-Smøla Landskapsvern- område	Naturreservat - Remman og Inngripan	Merknad
Akvakultur	Nei*	Nei**	Nei (havbeite)	* Kan tillates etter søknad dersom det ikke strider mot verneformålet. ** Kan tillates i sone A etter søknad dersom det ikke strider mot verneformålet
Havbeite	Nei*	Ja/Nei**	Nei	* Kan tillates etter søknad dersom det ikke strider mot verneformålet. ** Utsett/gjenfangst tillatt, fysiske anlegg kan tillates i sone A etter søknad dersom det ikke strider mot verneformålet
Bunntål	Nei	Ja	Nei	
Fiske med passive redskap	Ja	Ja	Ja	
Snurrevad	Ja	Ja	Ja	
Kaste-/låssettingsplasser	Ja	Ja	Ja	
Skjellskraping	Nei	Ja	Nei	
Skjellsanking (manuell)	Ja	Ja	Ja	
Tanghøsting	Ja	Ja	Nei	
Taretråling	Ja/Nei*	Ja	Nei	* Forbudt innenfor restriksjonssone G-RS-1 eller G-RS-2
Kabler og rør	Nei*	Nei*	Nei	*Kan tillates etter søknad
Mindre fysiske inngrep	Delvis*	Delvis*	Nei**	* Avhengig av type/størrelse. ** Farledtiltak kan tillates etter søknad
Utslipp fra land	Delvis*	Delvis*	Nei	* Kan tillates etter søknad
Uttak av mineralressurser	Nei	Nei	Nei	

4 Verknader av verneplanen

I det følgjande blir hovudkonklusjonane frå konsekvensutgreiinga referert/sitert, først samla for summen av verneforslaga, og deretter for kvart av alternativa. For meir detaljert informasjon om dei enkelte områda og kvart enkelt tema viser vi til konsekvensutgreiinga. Statsforvaltaren er i stor grad samd i konsekvensutgreiinga sine hovudkonklusjonar. Eventuelle kommentarar og nyanseringar er lagt inn sist i enkeltkapitla.

4.1 Påverknad og konsekvens – samla vurdering

(Konsekvensutredningen) *redegjør for vurderingene av påvirkning og konsekvens for ulike vernealternativer sammenlignet med dagens situasjon. Nullalternativet innebærer at eksisterende aktiviteter fortsetter, men gir en forventet negativ utvikling for naturmiljøet som følge av klimaendringer og menneskelig påvirkning. Opprettelse av marint verneområde vil gi en positiv effekt for naturmiljøet, særlig ved alternativ G-1 som inkluderer Sør-Smøla landskapsvernområde og gir et mer helhetlig vern av sårbare naturtyper, gyteområder og funksjonsområder for sjøfugl. Alternativ G-2 gir også forbedring, men i mindre grad. Vernet har ikke tilbakevirkende kraft, og eksisterende virksomheter kan i hovedsak fortsette, men med restriksjoner for bunntråling, skjellskraping og mineralutnyttelse. Dette er aktiviteter som i svært liten grad eller ikke pågår i området. Konsekvensene for fiskeri og tarehøsting vurderes som små. Akvakultur påvirkes mest, med middels negativ konsekvens for G-1 og noe negativ for G-2. For kulturmiljø, landskap og friluftsliv gir begge alternativer positive virkninger, og reiseliv vurderes styrket.*

Restriksjonssoner for taretråling vil ha stor betydning for naturmiljøet der de omfatter områder med aktiv høsting, og vil også oppfylle hensikten med verneformålet med hensyn til referanseområde for vurdering av effekten av taretråling. Av de to foreslåtte sonene gir G-RS-2 størst positiv effekt for naturmiljø og fiskeri, men medfører middels negativ konsekvens for tarenæringen. G-RS-1 gir ubetydelig endring. Etablering av naturreservat ved Inngripan (IG-1) og utvidelse av Remman naturreservat (R-1) vil styrke vernet av viktige naturtyper og funksjonsområder for sjøfugl, og vurderes som klart positiv for naturmiljø, kulturmiljø, landskap og friluftsliv. Konsekvensene for naturressurser er små, med unntak av forbud mot taretråling ved Inngripan. Samfunnsmessige virkninger for akvakultur og reiseliv er ubetydelige for disse alternativene.

Samlet sett gir alle vernealternativer positive effekter for naturmiljø, kulturmiljø, landskap og friluftsliv, mens konsekvensene for næringsaktivitet er dårligere vilkår for akvakultur hvor vernet vil begrense utvikling. Det mest omfattende alternativet, G-1, vurderes som det beste for naturmiljøet, mens restriksjonssone G-RS-2 gir størst forbedring for tareskog og tilknyttede økosystemer.

Kommentar Statsforvaltaren:

Etter Statsforvaltaren si vurdering vil vern av Griphølen marine verneområde ha avgrensa negativ verknad for akvakultur. Sjå kommentar under 4.2 Griphølen marine verneområde.

4.2 Griphølen marine verneområde

I det foreslåtte verneområdet er det store verdier knyttet til de aller fleste utredningsfagene. Tabellen under viser konsekvens for de ulike temaene ved innføring av marint vern ved Griphølen.

Tabell 8-1 Konsekvenser for det foreslåtte marine verneområdet ved Griphølen

Tema	Undertema	G-0	G-1	G-2
Naturmiljø	Naturmiljø	0	Positiv	Positiv
Naturressurser	Fiskeri	0	Ubetydelig	Ubetydelig
	Høsting av tang og tare	0	Ubetydelig	Ubetydelig
	Mineralutnyttelse	0	Ubetydelig	Ubetydelig
Landskap, kulturmiljø og friluftsliv	Landskap	0	Positiv	Positiv
	Kulturmiljø	0	Positiv	Ubetydelig
	Friluftsliv	0	Positiv	Positiv
Samfunn og næring	Akvakultur	0	Middels negativ	Noe negativ
	Reiseliv	0	Positiv	Positiv
	Andre tema	0	Ubetydelig	Ubetydelig

Forslaget om marint verneområde har positiv konsekvens for naturmiljø, andre miljøtema og reiseliv, men får utslag i negativ konsekvens for akvakultur. Opprettelse av marint verneområde vil gi en positiv effekt for naturmiljøet, særlig ved alternativ G-1 som inkluderer Sør-Smøla landskapsvernområde og gir et mer helhetlig vern av sårbare naturtyper, gyteområder og funksjonsområder for sjøfugl. Alternativ G-2, uten Sør -Smøla landskapsvernområde gir også forbedring, men i mindre grad.

Akvakultur påvirkes mest negativt, med middels negativ konsekvens for G-1 og noe negativ for G-2. Her er det lagt til grunn at i forvaltningen av verneområdet vil verneformålet og ivaretagelse av naturverdier i utgangspunktet vektlegges mer enn samfunnsnytte. Vernet vil da medføre dårligere vilkår for akvakulturnæringen. Vurderinger er basert på at næringen bruker tradisjonelle åpne merder. Fremtidsbildet med ny teknologi gir andre forutsetninger som endrer konsekvensen. Dette er omtalt i (kapittel 9 i konsekvensutredningen), men inngår ikke i den samlede vurderingen av konsekvensutredningen etter ordinær metodikk.

Forslaget om restriksjonssoner for høsting av tare er svært positivt for naturmiljø for alternativet G-RS-2. Samtidig vil en slik restriksjon medføre en begrensning for tare næringen fordi hele høsteområdet ved Grip og Inngripan faller bort og de vil miste omsetningen som skapes der. Basert på fangstrappport utgjør dette 6 % av det som blir høstet i Møre og Romsdal.

Tabell 8-2 Konsekvenser for innføring av restriksjonssoner med forbud mot taretråling i det marine verneområdet for Griphølen

Tema	Undertema	G-RS-0	G-RS-1	G-RS-2
Naturmiljø	Naturmiljø	0	Ubetydelig	Stor positiv
Naturressurser	Fiskeri	0	Ubetydelig	Positiv
	Høsting av tang og tare	0	Ubetydelig	Middels negativ
	Mineralutnyttelse (skjellsand)	0	Ubetydelig	Ubetydelig
Landskap, kulturmiljø og friluftsliv	Landskap	0	Ubetydelig	Ubetydelig
	Kulturmiljø	0	Ubetydelig	Positiv
	Friluftsliv	0	Positiv	Positiv
Samfunn og næring	Akvakultur	0	Ubetydelig	Ubetydelig
	Reiseliv	0	Ubetydelig	Ubetydelig
	Andre tema	0	Ubetydelig	Ubetydelig

Selv om det marine vernet isolert sett vurderes å gi begrensede nye restriksjoner, vil det kunne hevdes at den samlede virkningen av mange ulike typer verneformer legger en klar begrensning på arealbruk og aktivitet i Smøla kommune. Store deler av kommunen er allerede underlagt flere ulike former for vern. Kommunen har betydelige strandsoneområder, mye kystlynghei (utvalgt naturtype) og store

myrområder som vil bli berørt av et eventuelt nasjonalt forbud mot nedbygging. Etablering av et marint verneområde vil komme i tillegg til disse begrensningene, og vil helt klart medføre mer vernet areal i kommunen. Samtidig er ikke situasjonen for Smøla helt unik når det gjelder vernet areal. Kystlynghei finnes langs store deler av kysten, og utgjør en høy andel av areal i mange kommuner. Naturreservat, landskapsvernområder og verdensarvsteder finnes over hele Norge. Erfaringene fra eksisterende vern og forvaltning av disse har vist at vern gir også noen muligheter. Vern har bidratt til å sikre naturverdier for kommende generasjoner og har åpnet for tilskudd og tiltak som styrker naturforvaltningen og gir lokale aktører og grunneiere økonomiske insentiver.

*I et helhetlig perspektiv, med overordnede føringer og kommunenes ønske om bærekraftig utvikling, er fordelene med et verneområde for Griphølen og Remman større enn ulempene. **Etablering av det største vernealternativet for Griphølen anbefales.***

Kommentar Statsforvaltaren:

Organisk belastning frå produksjon i opne merdar er det viktigaste elementet kva gjeld påverknad på marine naturverdier. Dette gjeld både dyreliv i sedimenta, påverknad på fastsittande flora og fauna, og livsvilkåra for fisk og andre frittlevande organismar. I det ordinære forvaltningsregimet for akvakulturnæringa har omsynet til sårbare marine naturverdier stor tyngde i vurderinga etter forureiningslova. Det er likevel truleg at terskelen for kva verknader på marine naturverdier som vil bli akseptert, vil vere høgare innanfor eit marint verneområde enn i område utan slik vernestatus.

For Griphølen må ein likevel sjå dette i lys av omfanget av eksisterande merdoppdrett. Innanfor Sør-Smøla landskapsvernområde er det allereie gitt løyve til tre store, og til dels svært store, anlegg. Det kan difor hevdast at det er avgrensa rom for ytterlegare produksjonsauke i området. Dette er illustrert av at Mattilsynet gav avslag på søknad om ny lokalitet Lyngtaren, og at den samla landskapsbelastninga gav grunnlag for avslag etter verneforskrifta for landskapsvernområdet.

Områda utanfor Sør-Smøla landskapsvernområde er vêrharde, og dårleg eigna for tradisjonelt merdoppdrett. Om meir havgåande teknologi blir tilgjengeleg, vil det opne store areal i kystsona og til havs, og Griphølen vil i så fall kunne få relativt mindre betydning for utviklinga av næringa.

Tilsvarande gjeld om lukka anleggsteknologi med oppsamling av organisk materiale blir konkurransedyktig. I så fall vil eksponerte kyststrekningar få vesentleg mindre betydning for oppdrettsproduksjonen enn i dag.

Etter Statsforvaltaren si vurdering vil vern av Griphølen marine verneområde difor ha avgrensa negativ verknad for akvakultur.

4.3 Utviding av Remman naturreservat

Det foreslåtte naturreservat har verdier knyttet til de aller fleste utredningsfagene. Tabellen under viser konsekvens for de ulike temaene ved innføring av naturreservatet.

Tabell 8-4 Konsekvenser for utvidelse av Remman naturreservat.

Tema	Undertema	R-0	R-1
Naturmiljø	Naturmiljø	0	Positiv
Naturressurser	Fiskeri	0	Ubetydelig
	Høsting av tang og tare	0	Ubetydelig
	Mineralutnyttelse (skjellsand)	0	Ubetydelig
Landskap, kulturmiljø og friluftsliv	Kulturmiljø	0	Positiv
	Landskap	0	Positiv
	Friluftsliv	0	Positiv
Samfunn og næring	Akvakultur	0	Ubetydelig
	Reiseliv	0	Ubetydelig
	Andre tema	0	Ubetydelig

Forslag til utvidelse av Remman naturreservat vil være positivt for naturmiljø, kulturmiljø, landskap og friluftsliv. Det er ingen fagtema som vurderes å påvirkes i negativ grad. **Utvidelse av Remman naturreservat anbefales.**

4.4 Inngripan naturreservat

Det foreslåtte naturreservat har verdier knyttet til de aller fleste utredningsfagene. Tabellen under viser konsekvens for de ulike temaene ved innføring av naturreservatet.

Tabell 8-3 Konsekvenser for opprettning av Inngripan naturreservat.

Tema	Undertema	IG-0	IG-1
Naturmiljø	Naturmiljø	0	Positiv
Naturressurser	Fiskeri	0	Ubetydelig
	Høsting av tang og tare	0	Noe
	Mineralutnyttelse (skjellsand)	0	Ubetydelig
Landskap, kulturmiljø og friluftsliv	Landskap	0	Positiv
	Kulturmiljø	0	Positiv
	Friluftsliv	0	Positiv
Samfunn og næring	Akvakultur	0	Ubetydelig
	Reiseliv	0	Ubetydelig
	Andre tema	0	Ubetydelig

Forslag om opprettelse av Inngripan naturreservat er positivt for marint naturmiljø, kulturmiljø, landskap og friluftsliv. Naturressurser er et unntak, der opprettelsen av vernet vil medføre restriksjoner for taretråling, som vil medføre en begrensning av betydning for taretråling lokalt innenfor dette området. Det er av liten betydning for regionen. Vernet vil styrke marint naturmangfold i området, særlig med fokus på rødlistet sjøfugl og deres tilknyttede habitater, som tareskog. **Etablering av Inngripan naturreservat anbefales.**

4.5 Vurdering av framtidsscenario

Konsekvensutgreiinga gir i kapittel 9 ei vurdering av verknadene av vern i lys av eit meir vidtrekkande framtidssbilde enn metodikken tillet for det klassiske nullalternativet:

I kapittelet om framtidsscenario er det ikke avdekket store negative konsekvenser eller begrensninger av marint verneområde / naturreservat. Dette gjelder også for havbruk, der det er ventet at en framtid med ny teknologi gjør at det er mindre krevende for næringen å imøtekomme de kravene som vernet setter.

Et vern vil i scenarioalternativet gi noen prosessuelle ulemper ved at tiltak og behov må avklares opp mot vernebestemmelsene, ut over de lover, regler og prosesser som de fleste tiltak uansett må innordne seg etter. Vernet kan også gi noen begrensninger ved at tiltak må justeres for å unngå å være i konflikt med verneformålet. Det kan bety økte kostnader (traséer blir f.eks. lengre) eller mindre optimale forhold (tiltaket kan ikke plasseres helt der man ønsket det).

På generelt grunnlag er dette ulemper og begrensninger som ikke anses å være alvorlige, eller som hindrer utvikling og aktivitet. I noen tilfeller kan det marine verneområdet få positiv konsekvens, da særlig innenfor tema friluftsliv, reiseliv og turisme.

5 Samla vurdering og forslag

Statsforvaltaren foreslår på bakgrunn av det ovanståande vern av Griphølen marine verneområde, Inngripan naturreservat og utviding av Remman naturreservat. Forslag til vern av Griphølen marine verneområde er lagt fram i to alternativ, sjå oversiktskart i kapittel 3.4.1. Vidare er det lagt fram forslag til restriksjonssoner for taretråling i Griphølen i to alternativ.

Vern i samsvar med forslaga vil bidra til å nå måla i Stortingsmelding 29 (2020-2021), og våre internasjonale forpliktingar om ivaretaking av naturmangfald. Verneforslaga sikrar Griphølen, eit ope kystområde med særigne kvalitetar og stor spennvidde i naturtypar. Området inneheld straumrike og produktive djupområde, særigen og mangfaldig skjergard og kuperte undersjøiske landskap. Det er godt utvikla tareskog i delar av området, og den marine floraen og faunaen består av eit rikt mangfald av artar. Dei marine naturkvalitetane er også grunnlag for viktige funksjonsområde for m.a. sjøfugl, ender og vadarar. Griphølen kvalifiserer for vern etter nml. § 39 bokstavane a, c, d, e, f og g, og bidrar gjennom det til å oppfylle måla i nml. § 33 første ledd bokstavane a, b, d og h.

Vidare sikrar utvidinga av Remman større delar av eit spesielt grunnvassområde, med eit undersjøisk fjellplatå med storvaksen tareskog og rikt produktivt dyreliv i tareskogen og i skråningane ned frå platået. Forslag til Inngripan naturreservat er ein del av det opne kystområdet i Griphølen med særskilt verdi for sjøfugl, der det er nødvendig med strengare vernereglar enn det marint vern vil ha for å sikre naturverdiane. Remman og Inngripan kvalifiserer for vern etter nml. § 37 bokstavane a, b og e., og bidrar gjennom det til å oppfylle måla i nml. § 33 første ledd bokstavane a, b, d og h.

I samsvar med tilrådinga frå rådgivande utval foreslår Statsforvaltaren at vesentlege delar av Griphølen marine verneområde blir sett av til sone utan tarehausting. Utgangspunktet for forslaga til avgrensing er forslag frå Fiskeridirektoratet ved oppstart (vedlegg 11), og Akvaplan-niva sitt faggrunnlag frå 2020 (5). Kva alternativ som ev. blir tilrådd vil Statsforvaltaren ta stilling til etter høyring.

Forslaga er positive for naturmiljøet og fleire brukarinteresser som er avhengig av eit intakt økosystem. Negative verknader for brukarinteresser er i hovudsak knytt til redusert ressursgrunnlag for tarehausting, og sterkare band på etablering av akvakulturanlegg. For opne merdanlegg vil sterkare vektlegging av naturverdiar sårbare for organisk påverknad kunne gi ein høgare terskel for nyetableringar og utvidingar, men gitt omfanget av etablert oppdrettsaktivitet i Sør-Smøla landskapsvernområde er det avgrensa rom for auke innanfor eigna areal. Opning for fiske, jakt og fangst, og tarehausting i delar av Griphølen, gir redusert måloppnåing kva gjeld positive effektar på økosystemet.

Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for forslaget er etter vår vurdering godt, jf. nml. § 8, inkludert om manglane knytt til fiske, jakt og fangst, og tarehausting.

Tiltak gjennomført med heimel i naturmangfaldlova skal vurderast mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. nml. § 14. Med grunnlag i konsekvensutgreiinga finn Statsforvaltaren så langt at det er forsvarleg å sende verneplanen på høyring. Endeleg avveging vil bli gjort etter høyring.

6. Referansar

1. 1995 - Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge - Tilråding frå rådgivende utvalg - Utredning for DN Nr. 1995-3 (Brattebergutvalget)
2. 2003 - Råd til utforming av marin verneplan for marine beskyttede områder i Norge - Foreløpig tilråding fra Rådgivende utvalg for marin verneplan (Skjoldalutvalget)
3. 2004 - Råd til utforming av marin verneplan for marine beskyttede områder i Norge - Endelig tilråding med forslag til referanseområder (Skjoldal-utvalget)
4. Verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal, Rapport 2006:1, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
5. Akvaplan-niva - Rapport 2020 62289.02 - Innspill til marin verneplan Griphølen og Remman
6. Hancke K. et.al. 2022. Kunnskapsoppsummering om marine områder som er viktige for karbonlagring. NIVA-rapport M-2385/2022.

7. Vedlegg

1. Forslag til vernekart for Griphølen marine verneområde – alternativ G-1
2. Forslag til vernekart for Griphølen marine verneområde – alternativ G-2
3. Forslag til restriksjonssone for tarehausting i Griphølen – alternativ G-RS-1
4. Forslag til restriksjonssone for tarehausting i Griphølen – alternativ G-RS-2
5. Forslag til vernekart for Remman naturreservat – alternativ R-1
6. Forslag til vernekart for Inngripan naturreservat – alternativ IG-1
7. Forslag til verneforskrift for Griphølen marine verneområde
8. Forslag til verneforskrift for Remman naturreservat
9. Forslag til verneforskrift for Inngripan naturreservat
10. Konsekvensutgreiing marint vern Griphølen og Remman - Asplan Viak 2026 - oppdragsnummer 647495-01
11. Merknadshefte med innkomne merknader ved oppstart

